



ÅRSRAPPORT

2016



MØRE BISKOP
MØRE BISPEDØMERÅD

Årsrapport 2016 for Møre bispedømmeråd og Møre biskop

Vedtatt av Møre bispedømmeråd 27/2-2017

Forsidebilde og bilde neste side: Hovedinngang til Molde domkirke

INNHALD

Årsrapport del 1

LEIARVURDERING

LEIARVURDERING		4
1.1	Overordna vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk	4
1.2	Overordna framstilling av dei viktigaste prioriteringane	6
1.3	Kort omtale av sentrale tilhøve som har innverka på resultatet	7
1.4	Signatur	8

Årsrapport del 2

INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVDUTAL		9
2.1	Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget	9
2.2	Omtale av organisasjonen	10
2.3	Presentasjon av utvalde hovudtal	11

Årsrapport del 3

ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT		13
3.1	Gudstenesteliv (inkl gravferd og vigsel)	13
3.2	Dåp og trusopplæring	24
3.3	Kyrkje og samfunn (inkl diakoni, misjon, kultur, forvaltning)	32
3.4	Rekruttering og frivillighet	40
3.5	Presteteneste	45
3.6	Kyrkjeleg administrasjon/bispedømekontoret	51
3.7	Ungdomsår 2016	53

Årsrapport del 4

STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA		54
4.1	Styring og kontroll	54
4.1	Oppfølging av evt. revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen	55
4.2	Fellesføringar i Staten - Likestillingsrapportering	55
4.3	Andre fellesføringar frå staten	60

Årsrapport del 5

VURDERING AV FRAMTIDSUSIKTER

	62
--	-----------

Årsrapport del 6

ÅRSREKNESKAPEN

ÅRSREKNESKAPEN		65
6.1	Leiarkommentar	65
6.2	Prinsippnote	67
6.3	Bevilgningsrapportering	68
6.4	Note A og B	69
6.5	Artskontorrapportering	70
6.6	Note 1 – 7	71

Vedlegg: Statistikk for prostia i Møre bispedøme

DEL 1 LEIARVURDERING

1.1 Overordna vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk

Møre biskop og Møre bispedømmeråd er samla sett nøgd med resultat og måloppnåing for 2016. Det er levert gode bidrag til å oppfylle dei fastsette hovudmåla og visjonen for bispedømmet og for heile Den norske kyrkja. Det har sitt grunnlag i flotte tilsette og frivillige som strekker seg langt og som er grunnmuren i bispedømmets visjon – «medarbeidarar som ser kvarandere og tek del med evner, nådegåver og fagkunnskap».

Møre bispedømme har, saman med Den norske kyrkja, hatt ein visjon om «Meir himmel på jorda». Det tyder at vi som kyrkje og som einskildmenneske skal formidle og erfare Evangeliet - at himmelen kjem til jorda gjennom Kristus. Samstundes skal vi som kyrkje vere til stades og relevante i alle faser av livet, frå fødsel til død, i sorg og glede.


Statistikk viser at det i Møre bispedømme er mange som kjenner seg heime i kyrkja. 80,4% av alle innbyggjarane i Møre og Romsdal er medlemmer. 6,4% er medlemmer av andre trudoms- og livssynssamfunn. Livsritene vert markerte gjennom dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. I 2016 vart det gjennomført 2050 dåp, 2688 konfirmasjonar, 414 vigslar og 2234 gravferder i Møre bispedømme.



Ungdomsåret si kofte er berer av visjonen, her presentert av Prost Gerd Anne Aarset (tv) og Biskop Ingeborg Midttømme

73 % av alle fødte blir døypte. 80 % av alle 15-åringar og 95% av alle døypte 15-åringar vel konfirmasjon. 98,7% av dei som dør får kyrkjeleg gravferd.

Gudstenesta er kyrkjelyden si viktigaste samling, der ein møter Gud og kvarandre til fellesskap, lovsong og tilbeding. I Møre bispedømme vart det i 2016 halde 3765 gudstenester, om lag 100 fleir enn året før. 389.333 menneske deltok i gudsteneste i 2016. I snitt er 103 til stades ved kvar gudsteneste. I snitt går kvart kyrkjemedlem i Møre bispedømme til gudsteneste 1,8 gonger i løpet av eitt år. Gudstenestetallet på søn- og helgedager har hatt nedgang over fleire år, grunna færre presteressursar, slik diagrammet under viser. Fleire gudstenester blir lagt på andre dagar i veka. Sjå nærare omtale av utviklinga i del 3.2.1.



Kjelde: SSB Utvikling av gudstenestetallet i Møre bispedømme

Kyrkja er meir enn gudstenester på sundag formiddag. Kyrkja er ei 7-dagars kyrkje. Kyrkja sitt liv blir levd i kvar kyrkjelyd kvar dag mellom anna gjennom kor, barne- og ungdomsarbeid, kulturarrangement, diakoni- og omsorgsarbeid, trusopplæring og misjonsverksemd. Den norske kyrkja er og ei 24/7-kyrkje. Gjennom beredskap er kyrkja rede til å yte teneste når det er behov ved kriser eller katastrofer i alle lokalsamfunn.

Møre bispedømme var for 2016 tildelt kr 76,4 mill. Midlane er nytta til 86,4 årsverk, der presteteneste utgjør 73 årsverk. I tillegg forvaltar Møre bispedømme kr 28,8 mill i tilskotsmidlar. 19 mill går som tilskot til trusopplæring i kyrkjelydane og 9,8 mill går som tilskott til 15 stillingar innan diakoni og 11 stillingar innafor undervisning i kyrkjelydane.

Medlemstal og kyrkjelege handlingar

Tabell 1.1.1 Utvikling av medlemstal i Den norske kyrkja i Møre bispedømme

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Medlemer	221689	221186	220539	219011	218562	217751	218004	216488	216003	214416
Folketal	246772	248727	251262	253904	256628	259404	261530	263719	265290	266274
Medlems-prosent	89,8	88,9	87,8	86,3	85,2	83,9	83,4	82,1	81,4	80,4

Kjelde: SSB og Kyrkjerådet *Tabellen viser folketal og medlemstal i Møre i perioden 2007–2016*

Tabell 1.1.2: Utvikling av kyrkjelege handlingar i Møre bispedømme, faktiske tal

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Dåp	2 845	2 829	2 751	2 621	2 585	2 566	2338	2203	2175	2050
Konfirmantar	2 861	2 901	2 811	2 848	3 006	2 822	2723	2872	2738	2214
Vigsel	666	661	648	605	502	528	477	460	479	414
Gravferd	2 370	2 349	2 301	2 248	2 202	2 185	2229	2208	2201	2234

Kjelde: SSB og Kyrkjerådet *Tabellen viser talet på dåp, konfirmantantal, vigsel og gravferd i perioden 2007–2016.*

Ser vi på utviklinga i dei relative tala ved nokre av dei sentrale faktorane, ser vi slik utvikling:

Tabell 1.1.3 Utvikling medlemstal og kyrkjelege handlingar, relative tal

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Dåp i prosent av tal fødde	101,2	100,3	91,9	93,1	89,7	89,7	84,6	79,9	78	73,7
Medlemmar i prosent av innbyggjartal	89,7	88,8	87,6	86,3	85,2	83,9	83,4	82,1	81,4	80,4
Konfirmasjon i prosent av tal 15-åringar	84,0	83,9	82,6	83,4	83,8	81,8	81,5	82,2	79,5	78,6
Kyrkjeleg gravferd i prosent av tal døde	99,9	99,8	99,1	99,7	98,7	96,0	98,8	97,9	98,7	98,7

Dei relative tala over tid viser at konfirmasjon og gravferd har høge, stabile tal. Medlemstalet går jamt, men sakte nedover. I 2016 meldte 1685 seg ut av Den norske kyrkja og 131 meldte seg inn. Tilsvarende tal i 2015 var 646 ut og 104 inn. Om årsaka er knytta til samlivsdebatten, digital medlemsportal eller generell samfunnsutvikling er vi usikre på, men sansyleg ein kombinasjon. Dåpstala har og ei nedgang, men Møre har framleis høgst andel døypte i landet. Sjølv om tala for Møre framleis er høge samanlikna med landet elles, er det grunn til å vere merksame på fleire av desse faktorane og gjere tiltak.

Totalt sett viser tala at folk i Møre framleis har eit sterk og tradisjonsbasert tilhøve til kyrkja.

I Møre bispedømme er det 97 sokn og variasjonane mellom sokna store, både geografisk og demografisk. I fordeling av ressursar er det ein føresetnad at like tilhøve blir vurderte likt. Med dei

store variasjonane i bispedømet, er det ei utfordring å vurdere faktorar for ressurstildeling objektivt og rett. Avgjerd om fordeling av ressursar i bispedømet blir gjort av bispedømerådet.

Vi har grunn til å glede oss over trusopplæringsreforma og gudstenestereforma. Over tid ser vi auke i nattverdtdeltaking. Vi ser og auka grad av involvering frå og av frivillige medarbeidarar. Kyrkja som kulturarena er styrka. Folk er sterkt knytte til si lokale kyrkje.

For nærare presentasjon og vurdering viser vi til kapittel 3.

I kjølvatnet av den nye salmeboka erfarar vi større merksemd og ønske om å ta vare på salmeskatten. Salmane og kyrkjemusikk vil vere hovudfokuset for gjennomføringa av reformasjonsmarkeringa i Møre i 2017.

Folk er knytte til sin lokale prest og vil gjerne ha han/ho i nærleiken av der dei sjølv bur. Bispedømerådet har over tid, og av økonomiske omsyn, vore tvinga til å redusere talet på prestedstillingar. Det er ei utfordring å møte ulike geografiske tilhøve og stor variasjon i kyrkjelydane.

Det har i 2016 særleg vore arbeidd med førebuingane av verksemdsoverdraginga frå staten til det nye rettssubjektet Den norske kyrkje. Det har ført til endringar i utøving av mynde mellom kyrkje og stat, at arbeidstakarar pr 1/1-17 gjekk over til Den norske kyrkja som arbeidsgjevar og at det har vore førebudd overgang til nye IKT-system.

1.2 Overordna framstilling av dei viktigaste prioriteringane

Dei fire resultatmåla som går fram av departementet sitt tildelingsbrev og vedtak i Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet er desse:

- Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, lokalt foranka kyrkje
- Den norske kyrkja skal ha ei oppslutning som stadester karakteren som folkekyrkje
- Den norske kyrkje skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon, og tilby trusopplæring til alle døypte barn.
- Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

Sjå nærare omtale i kapittel 3.

Auka satsing innan trusopplæring gjer at frå 2016 er alle sokna i dei sju prostia med i trusopplæringsreforma. Trusopplæringsreforma er ei viktig plattform for å føre vidare kristen tru og tradisjon til den nye generasjonen.

Det er gjennomført eit Ungdomsår 2016 i Møre bispedøme. Arrangement og aktivitetar med ungdom i fokus, godt synleg i lokalsamfunn og i bispedømet.

60 % av ressursane som bispedømerådet forvaltar er driftsmidlar. 87 % av driftsmidlane går til løn til 86 fast tilsette – prestar og tilsette ved bispedømekontoret. 85 % av driftsmidlane går til verksemdsområdet presteneste, 15 % av driftsmidlane går til administrasjon/ bispedømekontoret.

Om lag 40 % av ressursane som bispedømerådet forvaltar er tilskotsmidlar. Tilskots-ordningane er viktige verkemiddel for å sikre diakonal teneste og kyrkjeleg undervisning. Tilskota går i all hovudsak til diakon- og katekestillingar og som tilskott til trusopplæring i kyrkjelydane.

Den samla ressursbruken vart halden innanfor tildelt løyving. Reknskapen viste i 2016 eit akkumulert mindreforbruk på kroner 3, mill. Mindreforbruket er søkt overføring til 2017. Det gir handlingsrom i møte med fleire usikre faktorar. Bispedømerådet har arbeidd for å få kontroll med lønsutgiftene. Det

har vore arbeidd for å ha eit årsverktal tilpassa tildelinga. Det har vore eit mål å få handlingsrom for å ha verkemiddel i personalpolitikken. For nærare detaljar viser vi til Del 6 Årsrekneskap.

Biskopen har gjennomført 6 visitasar i tilsaman 14 sokn. Visitasar er ein viktig møteplass i møte med den lokale kyrkjelyden og lokalsamfunna i Møre bispedøme. Å oppmuntre og rettleie er viktige element i visitasane.

Delen kvinner i presteteneste er stabil, men er ønska høgare. Andel prestar under 40 år er i prosent høgste i landet. Det utfordrar til god introduksjon og tilrettelegging. Det er god aldersfordeling i presteskapet. Det er utfordrande å rekruttere til presteteneste. Vi har ein aktiv rekrutteringspolitikk samtundes som vi gjennom livsfasepolitikken vil legge til rette for å halde på eldre arbeidstakarar med høg kompetanse.

Det er også viktig å bidra slik at dei kyrkjelege fellesråda kan rekruttere til andre kyrkjelege stillingar, som kateketar, diakonar, kyrkjemusikarar, undervisningsmedarbeidarar etc. Det er også viktig å ta vare på og utvikle frivillige/ulønna medarbeidarar.

Møre bispedøme har ei rekke kontaktpunkt og samhandlar med mange verksemdar og organisasjonar regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Vår venskapsbispedømer i Newcastle i England og Nordre bispedøme i Ungarn er til gjensidig inspirasjon, utveking og læring.

1.3 Kort omtale av sentrale tilhøve som har verka inn på oppnådd resultat

Det er utvikla rutinar for økonomi- og ressursforvaltning for å kome behovet for god økonomistyring og internkontroll i møte. Nye IKT-system frå 1/1-17 og nye rekneskapsprinsipp vil truleg utvikle dette vidare i positiv retning. Vi har og von om at desse endringane også gir høve til betre å samanlikne og samvirke med andre bispedøme.

Styring og kontroll viser etter Møre bispedømeråd si vurdering at system, rutinar og prosessar gjennomgåande fungerer godt i høve til økonomiregelverket. I samråd med departement og andre bispedømeråd har det blitt arbeida med utvikling dokumentasjon av rutinane.

Det er gode samarbeidstilhøve med tillitsvalde. Ein viktig føresetnad for å nå måla og oppnå resultat, er godt fungerande ordningar for medrårderett i alle ledd av verksemda.

Det har vore endringar i staben ved bispedømekontoret. Fleire har gått av med pensjon og nye medarbeidarar er rekruttert og gått inn i sentrale funksjonar. Sjukdom har og vore utfordrande å handtere sidan funksjonar og oppgåver krevjer særleg kompetanse.

I presteskapet har det vore 9 tilsettingssaker i 2016, mot 14 i 2014. Det er framleis ledige stillingar, og vi ventar om lag same antall tilsettingssaker i 2017. Rekrutteringssituasjonen er krevjande og det er få søkjarar til ledige stillingar.

Nye arbeidstidsavtalar for prestane er bestemt og innført. Dette har vore krevjande på mange plan.

Frå 1/1-17 er Den norske kyrkja eige rettssubjekt. Det har i 2016 særleg vore arbeidd med førebuingane av verksemdsoverdraginga frå staten til det nye rettssubjektet Den norske kyrkje. Det har fått konsekvensar for utøving av mynde mellom kyrkje og stat, at arbeidstakarar pr 1/1-17 gjekk over til Den norske kyrkja som arbeidsgjevar og at det har vore førebudd overgang til nye IKT-system.

Desse endringane har sitt grunnlag i endringane at Grunnlova sine paragrafar om statskyrkjeordninga vart endra 21. mai 2012 og gjorde kyrkja meir sjølvstendig. Med lovendringane som skjedde med

verknad frå 1/1-17 er kyrkja no eit eige retssubjekt – fult ut ansvarleg for eigen verksemd. Kyrkja skal like fullt vere folkekyrkje og bli understøtte av staten. I det vidare må vi leite etter kva dét betyr for oss som kyrkje og som nasjon. Kyrkja var arena for dei første demokratiske stega i det norske samfunnet. Dette er del av den arven kyrkja er berar av. I det vidare må kyrkja vere med å sette dagsorden for kva verdiar som skal prege samfunnet vårt. Kva vil vi hegne om og kva er umisteleg?


1.4 Signatur

For biskop og bispedømerådsleiar er det ei glede å kunne konstatere at leiarar og medarbeidarar i Møre bispedøme på ein god måte har bidratt til dei gode resultata for verksemda i 2016.

Molde, 27. februar 2017



Ingeborg Midttømme
biskop



Ann-Kristin Sørvik
leiar



*Ein keltisk kross laga etter modell av krossen
på den over 1000 år gamle Kulisteinen på Smøla.*

Med runeskrift står det på steinen:

«Tolv vintrar hadde kristendomen vore i Noreg».

Kulisteinen blir omtala som Noregs dåpsattest. Møre bispedøme er yngst av bispedøma i kyrkja vår, men grunnlaget og åndsarven i dette bispedømet høyrer til dei eldste og viktigaste røtene for kristen tru i Noreg.

DEL 2 INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

2.1. Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget

2.1.1 Namn og departement

Møre biskop og Møre bispedømeråd høyrer for rapporteringsåret 2016 inn under Kulturdepartementet og var i 2016 i definerte saker underlagt Kyrkjemøtet. Frå 1/1-17 er Den norske kyrkja på nasjonalt/regionalt nivå eige rettssubjekt. På lokalt nivå er soknet rettssubjekt representert ved sokneråd og kyrkjeleg fellesråd.

2.1.2 Tilknytningsform

Møre bispedøme er eitt av Den norske kyrkja sine 11 bispedøme. Bispedømet vart oppretta i 1983, og er det yngste bispedømet i Noreg. Det vart til ved ei deling av bispedøma Nidaros og Bjørgvin. Bispedømerådet i Møre har 10 medlemmer, som saman med dei andre bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet. Biskopane utgjer til saman Bispemøtet.

2.1.3 Mynde og ansvarsområde

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømeråd følgjer i 2016 mellom anna av Kyrkjelova, Gravferdslova, Tenesteordning for biskop, Reglement for økonomistyring i staten, Verksemds- og økonomiinstruks for bispedømeråda og tildelingsbrevet frå departementet.

Bispedømet blir leia av to organ; biskopen og bispedømerådet, med felles administrasjon i Molde.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal og fremme samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar og fengselsprestar. I tillegg er bispedømerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret. Biskopen leiar prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.

2.1.4 Overordna mål

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei måla og føringane som er gjevne av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet, strategiplan 2015 - 2018 og årsplanen for Møre bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Visjonen for Møre bispedøme vart i 2014 endra til «Meir himmel på jorda», i tråd med den overordna formuleringa som Kyrkjemøtet 2014 vedtok. Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Dei områda som har systematisk merksemd er:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Kyrkjemusikk og kultur
- Misjon
- Diakoni

Under alt dette ligg personalansvaret for dei som biskop og bispedømerådet er arbeidsgjevar for – prestar og tilsette ved bispedømekontoret. Møre bispedøme har som mål å ha medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap. Gjennom dette ønskjer Møre bispedømeråd og Møre biskop å vere ei tydeleg folkekyrkje i alle delar av bispedøme – i bygd og by.

2.1.5 Samarbeid med andre kyrkjelege og frivillige organ

I Møre bispedøme er det 97 sokn med tilhøyrande sokneråd. Det er 36 kommunar, med tilhøyrande kyrkjelege fellesråd. (Fem kommunar har som eit prøveprosjekt eitt fellesråd for heile sitt område.) Bispedømet har nært samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom Samarbeidsråd for menighet og misjon (SMM). I tillegg har bispedømet samvirke og samarbeid med ei rekke verksemder på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. Det er mellom anna eit formelt samarbeidsavtale mellom Newcastle bispedøme i England og Nordre bispedøme i Ungarn.

2.2 Omtale av organisasjonen

2.2.1 Leiingsstruktur

Møre biskop og Møre bispedømeråd er kvar for seg formelle kyrkjelege organ med felles administrasjon lokalisert i Molde med stiftsdirektøren som dagleg leiar. Bispedømerådet er tilsettingsorgan, biskopen leier prestetenesta. I Møre bispedøme er det sju prosti som kvar for seg er tenestoområde for prestane, leia av ein prost. Dei andre kyrkjeleg tilsette som arbeidar i dei enkelte sokna, har i hovudsak fellesrådet som arbeidsgjevar.

2.2.2 Tal tilsette og årsverk fordelt på prestetenesta og annan verksemd


I Møre bispedøme er det ved årsskiftet tilsett 73 prestar. Ved bispedømekontoret er det tilsett 14 personar i 12 årsverk. Desse har bispedømerådet som arbeidsgjevar. I Møre bispedøme er det tilsett om lag 350 medarbeidarar i ulike stillingar i dei lokale kyrkjelydane, med dei 32 fellesråda som arbeidsgjevarar.

2.2.3 Lokalisering

Møre bispedøme er geografisk samanfallande med Møre og Romsdal fylke og har 36 kommunar med tilsaman 266 000 innbyggjarar. Ålesund, Molde og Kristiansund er dei største byane, med til saman omlag 100 000 innbyggjarar. Møre er mellom dei bispedøma der delen innbyggjarar som er medlemmer av Den norske kyrkja er høgast. 80,5% av innbyggjarane er kyrkjemedlemmer i Møre, mot 75,7 % i snitt for heile landet.

2.2.4 Organisasjonstruktur

Møre bispedøme er delt inn i 7 prosti, 32 fellesråd og 97 sokn.



Folketalet i Møre og Romsdal har auka med om lag 20.000 dei siste 9 åra. Samstundes er det ein reduksjon i medlemstalet i Den norske kyrkja på om lag 9.000. Dette gir ein prosentvis reduksjon i

medlemstal i høve til folketal på 8,5 prosentpoeng dei siste 9 år. Frå 2015 til 2016 er det ei prosentvis reduksjon i medlemsprosent på 0,6 prosentpoeng.

Tabell 2.2.4.1: Kyrkjemedlemer og innbyggjarar fordelt på prostia

Prosti	Tal sokn	Medlemer i Den norske kyrkja 2015	Medlemer i Den norske kyrkja 2016	Tal innbyggjarar 2015	Tal innbyggjarar 2016	Prosent medlem 2015	Prosent medlem 2016
Molde domprosti	12	34846	34565	43325	43441	80,4	79,6
Søre Sunnmøre	19	39202	38872	48120	48188	81,5	80,7
Austre Sunnmøre	10	17897	17762	21875	21949	81,8	80,9
Nordre Sunnmøre	14	57536	57208	72943	73694	78,9	77,6
Indre Romsdal	15	14598	14468	17073	17043	85,5	84,9
Ytre Nordmøre	13	32387	31894	39496	39502	82,0	80,7
Indre Nordmøre	15	19537	19347	22408	22457	87,2	86,2
Sum alle prosti	97	216003	214116	265240	266274	81,4	80,4

Tabell 2.2.4.2 Fordeling av medlemmar mellom prosti og medlemstal i prostia, utvikling i tal

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Molde Domprosti	35376	35318	35139	35116	35184	35120	34984	34846	34565
Søre Sunnmøre	40132	39985	39745	39699	39616	39441	39340	39202	38872
Austre Sunnmøre	18611	18500	18326	18351	18223	18147	18009	17897	17762
Nordre Sunnmøre	57065	57180	57324	57404	57177	57723	57641	57536	57208
Indre Romsdal	15625	15478	15074	15069	14986	14968	14468	14598	14468
Ytre Nordmøre	33371	33249	34590	33026	32996	32844	32487	32387	31894
Indre Nordmøre	21006	20829	18813	19897	19569	19761	19559	19537	19347
Sum	221186	220539	219011	218562	217751	218004	216488	216003	214116

Kjelde: SSB og medlemsregisteret i Dnk. Tabellen viser folketal pr. prosti i perioden 2008 – 2016.

Sprangvise endringar på Ytre Nordmøre og i Indre Nordmøre har si årsak i prostiregulering i 2010.

Prostiet med høgast medlemstal er Nordre Sunnmøre, med i overkant av 57.000 medlemmar. Søre Sunnmøre, Ytre Nordmøre og Molde domprosti har kvar 32.000 – 39.000 medlemmar. Prostia med færrest medlemmar er Indre Romsdal, Indre Nordmøre og Austre Sunnmøre, med mellom 14.500 – 19.500 medlemmar kvar.

Vi ser endringane i prostia over dei siste 9 åra. Alle prosti har over tid ein nedgang, med unntak av Nordre Sunnmøre, som er stabilt. Nordre Sunnmøre er prostiet med størst befolkningsauke og flest innbyggjarar, men har lågast medlemsprosent, med 77,6. Indre Nordmøre er prostiet med høgast medlemsprosent, med 86,2.

2.3. Presentasjon av utvalde hovudtal

2.3.1 Volumtal

Møre bispedømme har desse hovudtala knytte til gudstenester og kyrkjelege handlingar:

Tabell 2.3.1.1: Volumtal for gudstenester og kyrkjelege handlingar

Volumtal for bispedømmet	2013	2014	2015	2016
Tal døypte	2 339	2 203	2 175	2 050
Tal konfirmerte	2 723	2 882	2 738	2 688
Tal kyrkjelege vigslar	477	459	479	414
Tal kyrkjelege gravferder	2 229	2 208	2 201	2 234
Tal gudstenester totalt	3 867	3 811	3 666	3 806
Samla tal gudstenestedeltakarar	409 867	404 577	388 599	389 333

Kjelde: SSB-tal

2.3.2 Nøkkeltall frå rekneskapen

Her viser vi nokre nøkkeltal frå årsrekneskapen. For fleire detaljar, sjå del 6.


Tabell 2.3.2: Nøkkeltal frå årsrekneskapen

Nøkkeltal for årsrekneskapen	2013	2014	2015	2016
Tal årsverk	87	86,5	81,1	86,4
- av desse i presteteneste	75	72	69,1	72,8
Samla tildeling post 01	66 159 000	67 837 000	73 736 000	76 378 000
Utnyttingsgrad post 01	100,3 %	97,9 %	94,4 %	97,1 %
Driftsutgifter	66 382 000	66 428 000	69 597 000	74 172 000
Lønsdel av driftsutgifter	86,7 %	88,6 %	87,5 %	87,6 %
Del løn brukt i prestetenesta	74,3 %	74,8 %	77,8 %	75,8 %
Lønsutgifter pr. årsverk	661 531	680 486	750 551	752 194

Kjelde: SAP



Bibelen på alteret i Kvernes stavkirke
Foto: Bjørn Olaf Storhaug



Utsnitt av Luthers testamente datert
1542 i Nasjonalarkivet i Budapest.
Foto: Bjørn Olaf Storhaug

Bibelen og Luther er viktige elementer for Den norske kyrkja sitt grunnlag

DEL 3 ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

Innleiing

Årsrapporten viser til dei delane av verksemda som Kyrkjerådet og departementet gjennom tildelingsbrev etterspør. I tillegg rapporterer vi på nokre målsettingar som bispedømet sjølv har sett.

Rapporten rettar seg mot biskop og bispedømeråd, men mange av måla og indikatorane handlar om det som skjer lokalt i det enkelte sokn og kyrkjelyd. Mykje blir styrt lokalt, uavhengig av kva biskop eller bispedømeråd gjer. Biskop og bispedømeråd kan gjennom årsrapporten gjere greie for utviklinga i sokna og prostia i bispedømet, men har og avgrensa verkemidlar til å styre utviklinga. Sokna i Den norske kyrkja har stor grad av sjølvstende, også korleis dei handtarer nasjonalt fastsette mål. Biskop og bispedømeråd kan gi nokre rammer, ressursar, vegleiing og oppmuntring, men sokna har innafor ramma av kyrkjelova stor mynde til å utvikle og prioritere arbeidet i kyrkjelyden.

Kyrkja lokalt og nasjonalt har fleire oppgåver enn det som kommer til uttrykk i årsrapporten. Tenesteordningar, lokale tradisjonar og medarbeidaranes faglege ramme går ut over kva ein årsrapport kan dekke. Dette gjelder kyrkjeliv som diakoni, undervisning, kyrkjemusikk og misjon eller personalforvaltning, kyrkjeleg forvaltning og biskopen si verksemd både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Sjølv med desse avgrensingane er årsrapporten eit viktig verkty for leiing og styring av kyrkja regionalt og lokalt. Kanskje kan årsrapporten også ha elementer av inspirasjon til vidare satsing for den enkelte medarbeidar, tilsett og frivillig, for dei kyrkjelege organa og for lokalsamfunna kyrkja er del av.

Kyrkjelydane sin årsstatistikk er eit viktig grunnlag for delar av årsrapporten. Desse tala er midletidige og ikkje offentlege fram til 16/3-17. Dette er bestemt av Statistisk Sentralbyrå (SSB) som har samanstilt tala. Fire sokn i Møre bispedøme har ikkje sendt inn årsstatistikk – for desse er 2015-tal lagt til grunn. Den korte tida frå samanstilling til rapport gir ikkje grunnlag for å gjere dyptgåande analyser, det må skje på eit seinare tidspunkt og i ei anna ramme.

Overordna vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk

Dei fire hovudmåla som Møre bispedøme har arbeidd etter går fram av departementet sitt tildelingsbrev:

- Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, lokalt foranka kyrkje.
- Den norske kyrkja skal ha oppslutning som stadester karakteren som folkekyrkje.
- Den norske kyrkje skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle døypte barn.
- Den norske kyrkja skal vere organisert i samsvar med demokratiske prinsipp og verdiar



*Visjonen for Den norske kyrkja og Møre bispedøme er «Meir himmel på jorda», gjort synleg på fleire vis, til dømes på Ungdomsåret si campingvogn.
Foto: Møre bispedøme*

Som grunnlag for vurdering av måloppnåing har Kyrkjerådet nærare definert resultatmål med tilhøyrande indikatorar slik:

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søker dåp og trusopplæring
3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet
4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

Møre bispedømeråd og Møre biskop har gjort desse måla til sine i eige strategidokument for 2015 – 2018.

Vi vurderer at Møre bispedøme har høg grad av måloppnåing, trass i at some indikatorar viser nedadgåande trend. Vi ser nærare på dei under punkta nedanfor.

Møre bispedøme er tildelt 76,3 millionar til drift. Dei tilsette, men også frivillige medarbeidarar er kyrkja sin viktigaste ressurs. 87,6% av driftstildelinga går til løn til 86,4 årsverk.



Foto: Møre bispedøme

Den viktigaste ressursen: medarbeidarar i Møre bispedøme – her frå Stiftsdagane i Molde juni 2016 for alle kyrkjelege tilsette – både tilsette med dei kyrkjelege fellesråda som arbeidsgjevar og Møre bispedømeråd/Møre biskop som arbeidsgjevar

Resultat og måloppnåing 2016

3.1 Gudstenesteliv

Strategisk mål: Gudstenestelivet blomstrar

- Indikator:**
- Gudstenestedeltaking
 - Gudstenestefrekvens
 - Tal vigslar
 - Tal kyrkjelege gravferder
 - Tal kyrkjelydar med samisk språk i gudstenesteordninga

Måloppnåing: Målet er delvis oppnådd.

Etter ein nedgang over fleire år har gudstenestetalet har auka, både på søn- og helgedagar og utanom. Ser vi at ei negativ utvikling no har snudd? Vi vågar å seie at Gudstenestelivet blomstrar.

Deltakinga pr. gudsteneste er i snitt om lag den same, men totalt besøkstal har gått ned. I Møre bispedøme er det gjennomsnittleg gudstenestefrekvens på 49,2%.

MÅLOPPNÅING VIST VED INDIKATORAR:

3.1.1 Gudstenestedeltaking

Tabell 3.2.1.1.1 Gudstenestedeltaking, søn- og heilagdagar

	Gudstjenester på søndag og heilagdag	Prosent endring frå året før	Deltakarar	Prosent endring frå året før	Gjennomsnittlig deltaking	Endring frå året før
Møre 2015	3009	-2,9 %	311 814	-5,1 %	103	-2
Møre 2016	3041	1,1%	307 285	-1,5 %	101	-3
Totalsum 2015	46484	-2,3 %	4 547 474	-2,6 %	98	0
Totalsum 2016	46413	-0,3%	4 419 210	-3,2 %	95	-3

Kjelde: SSB. Tabellen nemner tal på gudstenester som har vore haldne på søn- og heilagdagar i 2016, og deltakarar ved desse gudstenestene. For sokn som ikke har rapportert i 2016, er 2015-tal lagt til grunn. Det er nemnt kor stor prosentvis endring det har vore frå 2014 i tal på gudstenester og i tal på deltakarar. Kolonnen til høgre viser endring i gjennomsnittleg tal gudstenestedeltakarar frå året før.

Tabell 3.1.1.2. Gudstenestedeltaking, alle gudstenester

	Gudstenester totalt	Prosent endring frå året før	Deltakarar totalt	Prosent endring frå året før	Gjennomsnittleg deltaking	Endring frå året før
Møre 2015	3668	-4 %	387 923	-4 %	106	0
Møre 2016	3765	2,6%	389 333	0,1 %	103	-3
Totalt 2015	61913	-2 %	5 761 201	-2 %	93	0
Totalt 2016	62510	1 %	5 685 461	-1,5 %	91	-2

Kjelde: SSB. Tabellen oppgir totalt tal gudstenester som har vore haldne totalt i 2016 og 2015, og deltakarar på desse gudstenestene. For sokn som ikkje har rapportert i 2016 er 2015-tal lagt til grunn. Det er oppgitt kor stor prosentvis endring det har vore frå året før i talet gudstenester og tal deltakarar. Kolonnen til høgre viser endring i gjennomsnittleg tal gudstenestedeltakarar frå året før.

I 2016 vart det halde 3041 gudstenester på sun- og helgedagar, ei auke frå 2015 på 32 gudstenester. Om 2016 er året der reduksjon i talet på gudstenester snur, er for tidleg å seie, men det er eit gledeleg signal at gudstenestetalet aukar. Oppslutninga om gudstenester på søn- og helgedagar har likevel gått ned med 1,5%-poeng og vi registrerer at gjennomsnittet som tar del på gudstenestene no

er 101. Det kan delvis forklarast med at at det auka gudstenestetalet for ein god del er kveldsgudstenester. Oftast så er det slik at det møter færre fram til kveldsgudstenester enn til føremiddagsgudstenester. Det er likevel slik i Møre at bispedømmet har godt gudstenesteframmøte samanlikna med landet elles. Framleis kan ein sjå at kyrkja og gudstenestedeltaking høyrer med til mange sin sundagsvanar. Dette er framleis ei stor glede

Om vi legg til gudstenester på kvardagar, så vart det totalt halde 3765 gudstenester. Dette er ein auke på 97 gudstenester sidan året før. Her er det og ei auke i antal til gudsteneste, sannsynlegvis fordi fleire konfirmasjonsgudstenester blir lagt til laurdag. Fleire gudstenester har og årsak i færre vakante stillingar. Sjølv om ikkje alle tala er stadfesta gir talet likevel grunn til glede, for etter mange år med reduksjon i tal gudstenester, viser 2016 til ei fin auke!

Ser vi på utvikling av gudstenester og gudstenestedeltakarar over tid, har vi slik oversikt:

Tabell 3.1.1.3 Utvikling av gudstenestetal og tal gudstenestedeltakarar i Møre bispedømme

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Gudstenester søn-/helgedagar	3 401	3350	3 219	3215	3 189	3 146	3105	3009	3041
Deltakarar Søn-/helgedagar	360 920	357 704	344 499	356 446	342 355	333 229	327 384	311 814	307285
Snitt pr. gudst. søn-/helgedagar	106,1	106,8	107	110,9	107,4	105,9	105,4	103,6	101
Gudsten. utanom søn-/helgedagar	717	735	714	723	730	716	713	659	724
Deltaking utanom søn/helgedagar	69 406	79 905	72 033	73 980	76 648	77 436	77193	77049	82048
Snitt pr. gudst. utanom søn-/helg	96,8	108,7	100,9	102,3	105	108,1	108,3	116,9	113,3

Kjelde: SSB. Tabellen viser utvikling av gudstenestetal og tal gudstenestedeltakarar totalt og snitt.


Ser vi talet på gudstenester fordelt pr prosti, ser tabellen slik ut:

Tabell 3.1.1.4 Gudstenesteutvikling pr prosti og totalt

	Endring 15-16	Endring 15-16 i prosent	Endring 12-16	Endring 12-16 i prosent	Snitt siste 5 år	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Molde Domprosti	34	26,2	-9	-6,9	496	493	467	509	502	509	501
Søre Sunnmøre	3	0,5	-35	-5,7	631	618	615	634	636	653	655
Austre Sunnmøre	-3	-1,0	-22	-7,1	318	311	314	313	319	333	327
Nordre Sunnmøre	22	3,6	-25	-4,1	619	605	583	618	655	630	650
Indre Romsdal	-7	-2,8	-7	-2,8	250	248	255	242	249	255	276
Ytre Nordmøre	-7	-1,7	-10	-2,5	412	407	414	416	408	417	407
Indre Nordmøre	-2	-0,6	-33	-9,2	372	359	361	373	375	392	399
Møre totalt	32	1,1	-148	-4,9	3098	3041	3009	3105	3151	3189	3215

Ser vi på den totale oppslutninga om gudstenestene, så har nedgangen frå dei siste åra blitt til ein liten oppgang, og 1410 fleire enn i 2015 tok del på gudsteneste. Men kombinert med auken i talet på gudstenester, fører ikkje auken til auke i gjennomsnittdeltaking på gudstenestene. Likevel er det ei glede å registrere at utviklinga gjennom mange år ser ut til å bremse opp!

Diagram 3.1.1.5 Utvikling i gudstenestet



Diagrammet viser utvikling i gudstenestetallet på søn- og helgedagar i kvart av dei sju prostia i Møre bispedøme for perioden 2000 – 2016.


Nedgangen i gudstenestetallet dei siste åra har hatt hovudårsak i at talet på prestestillingar har blitt redusert med 4 årsverk. Dette har ført til ein nedgang i gudstenestetallet på søn- og helgedagar over tid. Nedjusteringa av presteressursar er no for det meste gjennomført og 2016 viser at nedgangen stansar opp, og for 6 av 7 prostia ser ein auke i talet på gudstenester utanom sun- og helgedag. For dei tre største prostia kan ein også sjå at talet på gudstenester gjennomført på sun- og helgedag også viser ein liten auke frå fjoråret. Det er fint å sjå at mange års nedgang i tal på gudstenester er snudd og at denne positive utviklinga kan sprorast særleg godt i Søre Sunnmøre prosti, Nordre Sunnmøre prosti og i Domprostiet, som viser til auke i talet for både kvardagsgudstenester og for gudstenester på sun- og helgedagar.



Gudstenester er til for små og store. Her frå julevandring i Frei kyrkje i samband med visitas.


Foto: Møre bispedøme

Diagram 3.1.1.6 Gudstenester søn- og helgedagar i prostia, utvikling



Kjelde SSB: Viser utvikling i gudstenestetallet søn- og helgedagar i prostia

Diagram 3.1.1.7 Gudstedeltaking søn- og helgedagar i prostia, utvikling i totale tal



Kjelde SSB: Viser utvikling i gudstenestedeltakinga søn- og helgedagar i prostia

Domprostiet, som det einaste prostiet, aukar oppslutning om gudstenestene på sun- og helgedagar med om lag 222 til 53554 frå 2015 til 2016. Austre Sunnmøre prosti opplever ein signifikant nedgang i deltaking på sun- og helgedagar med 1989 til 31018. Same utvikling kan ein også sjå i Nordre Sunnmøre prosti, det nedgangen er på 3442 personar til i alt 68412 i same periode. I dei andre prostia registrerar ein berre svak nedgang frå året før. Hovudårsaka er dels endringar i talet på gudstenester, dels endringar i nokre av dei større kyrkjelydane som får konsekvens på bispedømenivå.

Med omsyn til tala frå kvardagsgudstenestene, så aukar deltakinga i Austre Sunnmøre prosti, i Nordre Sunnmøre prosti, i Indre Romsdal prosti, og særleg i Ytre Nordmøre prosti, der auken er på heile 2959 personar til i alt 8292. Auken der er sjølvstendig samanheng med at auken i talet på gudstenester i same periode. Tala uttrykkjer ei utvikling som ein truleg kjem til å sjå i andre prosti etter kvart.

3.1.2 Gudstenestefrekvens

Gudstenestefrekvensen i Møre er på 49%. Eit par andre bispedømer (Hamar og Nidaros) har lågare. Snittet for alle bispedømer er 60%. Fordelinga på prostia ser slik ut:

Tabell 3.1.2.1 Gjennomsnittleg gudstenestefrekvens på sun- og helgedagar

Prosti	Antall sokn	Antall gudstenester 2014	Antall gudstenester 2015	Antall gudstenester 2016	Gudstenestefrekvens 2014	Gudstenestefrekvens 2015	Gudstenestefrekvens 2016
Molde domprosti	11	509	467	493	77,1%	67,4%	70,0%
Søre Sunnmøre	19	634	615	618	55,6%	51,4%	50,8%
Austre Sunnmøre	10	313	311	311	52,2%	49,4%	48,6%
Nordre Sunnmøre	14	618	583	605	73,6%	66,1%	67,5%
Indre Romsdal	15	242	255	248	26,9%	27%	25,9%
Ytre Nordmøre	13	416	414	407	53,3%	50,5%	48,9%
Indre Nordmøre	15	373	361	359	41,4%	38,2%	37,4%
Møre totalt	97	3105	3009	3041	53,4%	49,2%	48,9%

Kjelde: SSB. Gudstjenestefrekvensen er utrekna slik: Tal gudstenester på sun- og helgedager delt på antal sun- og helgedager delt på antall kyrkjelydar. For 2014 var det rekna 60 sun- og helgedagar. For 2015 er det rekna 63 sun- og helgedagar og for 2016 64 dagar inkludert julaften og nyttårsaften.

Årsaka til variasjonar i gudstenestefrekvens mellom prostia er variasjonar i storleik på sokn. Sokn med få kyrkjemedlemmer har færre gudstenester pr år enn sokn med fleire. Mange små sokn totalt fører til låg gudstenestefrekvens, og forskjellen kan tydeleg illustrerast med denne tabellen som bakgrunn:

Sokn: Antal medlemmer	Antall sokn
< 500	25
500 - 1000	16
1000 - 2000	26
2000 - 5000	18
5000 - 10000	11
17922	1

Møre bispedømme har 97 sokn. Medlemstalet varierer frå 65 medlemmer til 17922 medlemmer i soknet. 26% av alle sokn har under 500 medlemmer, 40% har inntil 1000 medlemmer. 12% har over 5000 medlemmer. Medan Domprostiet og Nordre Sunnmøre prosti har innslag av store kyrkjelydar og ein gudstenestefrekvens på 67-70%, så har Indre Romsdal prosti, med sine mange kyrkjer, små sokn og få prestestillingar å disponere, ein gudstenestefrekvens på 26%.

97 sokn fordelt på 73 presteårsverk forklarar at Møre bispedømme er blant bispedøma med den lågaste gudstenestefrekvensen. Likevel har alle sokn presteteneste, men mange i berre delar av ei stilling slik at den enkelte prest gjer teneste i fleire sokn.

Ein høgare gudstenestefrekvens kan skje gjennom å redusere talet på sokn gjennom soknesamanslåing eller å legge opp til at prestane gjer fleire gudstenester på ein sundag.

Kvar prest utfører i snitt 41,7 gudstenester på sun- og helgedagar. Sjølv om dette talet viser at prestane har gudsteneste på mest kvar einaste sun- og helgedag dei ikkje har heimla fri, så trur ein at talet kan aukast litt. Ein kan vurdere at ein prest som ikkje har heimla fri kan utføre fleire einskilde tenester i deler av tenestedistriktet ein til vanleg ikkje gjer teneste, og ein kan også vurdere om det kan vere tenleg å leggje til rette for meir enn ei teneste nokre av sundagane ein elles har teneste.

Møre bispedømeråd tar ikkje aktivt initiativ til å slå saman sokn no. Dette har sin bakgrunn i fleire endringsprosessar som verkar inn både lokalt, regionalt og nasjonalt. Om det frå lokale sokn blir tatt initiativ til samanslåing, så er bispedømerådet ein positiv bidragsytar.

Lokale grunnordningar for ny gudstenesteordning er vedtekne for alle prosti, men vil bli vurdert på nytt som følgje av vedtak i Kyrkjemøtet, særleg om liturgisk musikk.

Nattverddeltaking

Nattverddeltakinga har over tid gått opp. Dette har i hovudsak bakgrunn i at talet på gudstenester med nattverd også går opp. I 2016 ser ein at denne utviklinga ikkje er så eintydig. Framleis aukar talet på gudstenester med nattverd i 3 av prostia. I desse prostia, Domprostiet, Søre Sunnmøre prosti og Ytre Nordmøre prosti, er det også auka i talet på nattverddeltakarar.


I dei andre prostia er det færre gudstenester med nattverd og også færre som tar del i nattverden. I Austre Sunnmøre prosti er nedgangen på gudstenester med nattverd signifikant. Her er naudsynt å gå djupare inn i statistikk materialet. Med trass stor nedgong i tal på nattverd, er ikkje nedgangen i talet på deltakarar tilsvarende. I små sokn med skjeldan gudsteneste har det blitt hevda at det må skje ei prioritering i innhald i dei få gudstenestene som er.

Tabell 3.1.2.2 Utvikling i tal gudstenester med nattverd og nattverddeltaking

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Gudstenester m/nattverd	1 593	1 675	1 751	1 804	1 914	2 080	2 095	2 024	1 989
Nattverddeltakarar	60413	64417	66646	71856	75687	80798	82912	80804	81213
Snitt pr. gudsteneste	37,9	38,5	38,1	39,8	39,5	38,9	39,6	39,9	40,8

Kjelde SSB: Tabellen viser utviklinga i tal på gudstenester med nattverd og nattverddeltaking

Diagram 3.1.2.3 Utvikling av gudstenester med nattverd pr. prosti




3.1.3 Kyrkjeleg vigsel

Tabell 3.1.3.1 Vigsel i prostia, utvikling i tal

År	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Molde	109	77	90	108	99	100	94	82	84	69	69	85	71
Søre Sunnmøre	140	114	108	139	150	109	95	94	88	83	67	68	72
Austre Sunnmøre	76	68	54	50	45	74	69	44	57	57	66	63	53
Nordre Sunnmøre	151	172	157	192	175	175	178	131	127	131	110	114	104
Indre Romsdal	33	44	35	40	35	40	34	26	31	28	27	37	24
Ytre Nordmøre	116	94	89	81	90	91	82	62	77	73	71	67	49
Indre Nordmøre	59	44	54	56	67	59	53	63	64	36	42	45	47
Sum	684	613	587	666	661	648	605	502	528	477	452	479	414

Tabellen viser talet på kyrkjelege vigslar pr. prosti og totalt i perioden 2004 - 2016

Diagram 3.1.3.2 Diagrammet kyrkjeleg vigsel pr. prosti og totalt



Diagrammet viser talet på kyrkjelege vigslar pr. prosti og totalt

Tabell og diagram viser utviklinga i kyrkjeleg vigsel i perioden 2000 – 2016. Talet på vigslar har gått i bølger, men med ein nedadgåande trend. Nedgangen er størst i dei største og bynære prostia. Dei minste prostia har hatt jamnare vigselstal. Totalt for bispedømmet har nedgangen i talet på vigslar auka mykje. For eit prosti er nedgangen på over 50%, og for to av prostia er nedgangen på 18 og 19%. Det einaste prostiet som har auka i talet på vigslar er Søre Sunnmøre prosti, der talet for 2016 er 72, mot 68 i 2015. I 2016 var det 1004 vigslar i Møre og Romsdal, 414 av desse i Den norske kyrkja – det svarar til 41% av alle vigslar.

Årsaka til nedgangen er ikkje kjent. Det kan ha si bakgrunn i at fleire unge flyttar frå bispedømmet og veljer andre samlivsformer eller giftar seg andre stader enn i heimfylket. Debatten om kyrkja sitt syn på ekteskapet kan ha ei innverknad. Det har vore praktisert at vigslar skal skje i kyrkjerommet. No opnar biskopen opp for at vigslar på visse vilkår kan skje andre stader enn i kyrkja.


3.1.4 Kyrkjeleg gravferd

Tabell 3.1.4.1 Gravferd i prostia, utvikling i tal

År	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Molde	318	302	335	362	368	346	322	344	298	349	342	345	339
Søre Sunnmøre	356	330	382	413	380	405	420	391	375	390	379	367	407
Austre Sunnmøre	161	190	187	202	209	194	188	181	190	175	179	181	193
Nordre Sunnmøre	483	438	501	534	553	503	518	490	510	491	506	497	536
Indre Romsdal	179	154	196	169	162	176	194	166	189	184	157	183	179
Ytre Nordmøre	380	392	348	408	390	397	392	356	352	390	370	361	325
Indre Nordmøre	223	272	258	282	287	280	214	274	267	250	264	267	255
Sum	2100	2078	2207	2370	2349	2301	2248	2202	2181	2229	2197	2201	2234


Tabellen viser talet på gravferder i prostia og totalt for perioden 2004 - 2016

Diagram 3.1.4.2 Gravferd i prostia, utvikling i tal



Diagrammet viser talet på gravferder i prostia og totalt for perioden 2000 – 2016

98,7% av alle dødsfall medfører ei kyrkjeleg gravferd. Det er sterke tradisjonar for å delta i gravferd i Møre bispedømme. Kyrkja har ein sentral plass. Truleg viser auken til talet på gravferd i einskilde prosti og nedgangen i talet på gravferd i andre prosti til demografiske forklaringar. I Romsdals- og Nordmørsprostia er det ein nedgang i gravferder, medan talet på gravferder aukar på Sunnmøre.



Gravferd har lange tradisjonar i Den norske kyrkja – nokre med dramatiske forløp. Her frå Klokkarboka i Aukra 5. februar 1868. 6 menn skulle ro kista til Halvor Halvorsen frå Magerøya ved Otterøya i Midsund til Aukra kyrkje på Gossen. Dei kom ut for styggever, båten velta og alle drukna. Hendinga vart grunnlaget for ny kyrkje på Otterøya.

3.1.5 Samisk kyrkjeliv

Tabell 3.1.5.1 Samisk kyrkjeliv

	Tal sokn som har hatt gudstenester med samisk innslag	Talet på gudstenester med samisk innslag	Talet på sokn som har innarbeidd samisk språk i ordning for gudstenesta	Talet på sokn som har innarbeidd samisk språk i lokal trusopplæringsplan
Møre 2015	0	0	0	0
Møre 2016	0	0	0	0
Totalt 2015	92	1181	51	30
Totalt 2016	131	1746	57	44

Kjelde: SSB og bispedøma. Dei to første kolonnene inneheld tal rapportert frå kyrkjelydane til SSB. Dei to kolonnene til høgre inneheld tal frå bispedømme på kor mange kyrkjelydar som har innarbeidd samisk språk i den lokale ordninga for gudsteneste og i den lokale trusopplæringsplanen.

I Møre er det ingen kyrkjelydar som har innarbeidd bruk av samiske språk i lokal plan for gudsteneste eller lokal plan for trusopplæring. Samemantalet viser at det er om lag 250 samar i Møre og Romsdal. Møre bispedømeråd har satt samisk kyrkjeliv på dagsorden og hatt eige møte med samiske representantar. I Møre er det Sør-Samisk som er mest aktuelt. Møre bispedøme har knytt til seg ein lokal ressurs med samisk opphav for å gje råd til kyrkjelydar og tilsette som møter behov eller ønskjer å legge til rette for samiske språk i gudsteneste og/eller trusopplæring. Møre bispedøme vil også kunne hente kompetanse hos Samisk kirkeråd.

GUDSTENESTELIVET BLOMSTRAR: TILTAK OG PRIORITERINGAR

- Gudstenestereforma innført gjennom godkjenning av lokale grunnordningar for alle sokn.
- Sokn samordnar lokale grunnordningar
- Satsing på det kyrkjemusikalske arbeidet, gjennom fagsamlingar og inspirere til å arbeide med planar for kyrkjemusikk i møte med råd og tilsette.
- Kultur, kyrkjemusikk, misjon, diakoni og undervisning blir innkorporert i gudstenestelivet. Vi styrkjer kompetansen for kyrkjeleg tilsette ved samlingar for faggruppene.
- Visitas-arbeidet søker å styrkje breidda og oppslutninga om kyrkja.
- Fornya fokus på evangelisk-luthersk sakramentsforståing ved at alle prestar tar del i kompetanseprogrammet «Reformasjon nå»
- Tydeleg invitasjon til dåp og nattverd
- Utvikle leiing av medliturgar
- Stadfesting av gudstenesteforordningane, men usikker framtidig økonomisk ramme kan sette dette i spel igjen.



*Medverknad og eigarskap er berande element i gudstenesta – her frå Frei kyrkje
Foto: Møre bispedøme*

3.2 Dåp og trusopplæring

Strategisk mål: Fleire søker dåp og trusopplæring

Indikatorar: Andel døypte av tiløyrande medlemmer
Opplæringstilbod i timar
Deltakardel på utvalde, nasjonale breiddetiltak
Konfirmerte av døyte 15-åringar

Måloppnåing: Målet er i stor grad nådd

MÅLOPPNÅING VIST VED INDIKATORAR:

3.2.1. Dåpshandlinger

I 2016 vart det i Møre bispedøme totalt gjennomført dåpshandlingar slik:

Tabell 3.2.1.1 Tal dåpshandlingar

	Tal dåpshandlingar	Tal døypte busett i eit anna sokn	Prosent endring frå året før
Møre 2015	2178	34 %	-1 %
Møre 2016	2050	36 %	-2 %
Totalsum 2015	34180	31 %	-2 %
Totalsum 2016	34116	35 %	-1%

Kjelde: SSB. Tabellen viser talet dåpshandlingar utførte i Møre bispedøme i 2015 og 2016 og totalt for heile landet.


Om vi ser på utviklinga over dei siste 14 åra fordelt på prosti og totalt i Møre, kan vi vise denne tabellen:

Tabell 3.2.1.2: Utvikling av dåpstal pr. prosti og totalt

År	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Molde	398	431	407	415	420	411	431	368	390	404	375	338	324	302
Søre Sunnmøre	553	592	575	515	567	583	516	546	519	487	450	421	413	393
Austre Sunnmøre	275	227	219	236	237	251	260	247	218	226	184	202	177	174
Nordre Sunnmøre	709	788	763	723	772	752	746	712	679	679	664	618	583	587
Indre Romsdal	181	217	187	183	176	188	182	160	172	186	149	125	156	145
Ytre Nordmøre	456	428	413	386	429	404	387	397	374	362	330	271	294	264
Indre Nordmøre	268	266	246	230	244	240	229	191	233	196	187	228	193	185
Sum	2840	2949	2810	2688	2845	2829	2751	2621	2585	2540	2338	2218	2175	2050

Kjelde: SSB. Tabellen viser talet på dåpshandlingar som er utførte i Møre bispedøme i perioden 2003 til 2016, fordelt på prosti.

Diagram 3.2.1.3: Utvikling av dåpstal pr. prosti og totalt



Kjelde SSB: tal dåp pr. prosti i perioden 2001 – 2016.

Totalt i Møre bispedømme har det vore ein reduksjon av dåpshandlingar gjennom heile 2000-talet, slik også i 2016. Dei enkelte prostia har litt ulik utvikling, men med fallande trend. Vi ser vidare på del døypte av medlemmer og tilhøyrande:

2.2 Andel døypte av medlemmer og tilhøyrige, 1-10 år

Tabell 3.2.1.4 Del døypte av medlemmar og tilhøyrande, 1-10 år

	0 år	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	6 år	7 år*	8 år	9 år	10 år
Møre 2015	63 %	88 %	87 %	87 %	90 %	92 %	93 %	91 %	93 %	94 %	96 %
Møre 2016	64%	87%	89%	88%	89%	90%	92%	94%	92%	94%	94%
Totalt 2015	53 %	76 %	77 %	78 %	79 %	81 %	85 %	82 %	84 %	85 %	87 %
Totalt 2016	56%	77%	78%	79%	80%	80%	82%	86%	83%	85%	85%

Kjelde tabell: Dei kyrkjelege registra. Delen døypte er rekna ut slik: Talet medlemmar/summen av medlemmar og tilhøyrande. Aldersgruppene er sette saman av barn fødte i løpet av eit kalenderår. Dette betyr at 0-åringar er fødte mellom 01.01.2016 og 31.12.2016, og i mange tilfelle ikkje vil bli døypte før i 2017. Delen 1-åringar som er døypte er derfor ein betre indikator på kor mange medlemmar som døyper barna sine. Saman med reelle endringar i delen medlemmar som døyper barna sine, er det også grunn til å tru at dåp av barn som er eldre enn eitt år, forseinkingar i registrering av dåp samt sletting av status for tilhøyrslø, kan bidra til at delen døypte er høgare for eldre aldersgrupper.

**For barn i alderen 7 år, er delen døypte for høg grunna ein feil knytt til status for tilhøyrslø i 2009. Feilen fører med seg at det er for få tilhøyrande i aldersgruppa, og medlemsdelen gir dermed ikkje eit rett bilde av kor stor del barn av medlemmer i aldersgruppen 7 år som er døypte.*

Desse tala viser at 89% av medlemmane i Den norske kyrkja i Møre vel å døype barna sine innanfor dei to første leveåra. Dette er høgaste delen i heile Noreg. Dette er ei auke på 2% frå 2015. Samstundes ser vi ein reduksjon i Møre på 1%-poeng frå 2015 til 2016 innafor det første leveåret, og ein auke på 1%-poeng i landet totalt.


I 2016 vart det fødd 2842 personar i Møre og Romsdal. Det vart døypt 2050 personar, noko som gir ein dåpsprosent på 72,1. Tar vi utgangspunkt i antal fødte av medlemmar er dåpsprosenten 87.

Vi ser av tabellane at tal dåpshandlingar i Møre over tid går ned i reelle tal og i høve til prosent dåp av dei som høyrer til Den norske kyrkja.

Delen dåp med adresse utanfor soknet er på om lag 34 %. Vi vil måtte sjå nærare på kor mange av desse som har adresse utanfor Møre bispedøme. Med mange små sokn og gudstenestefrekvens på 50%, er det natuleg å gå ut frå at mange vel å døype i ei kyrkje i nærleiken om det ikkje er gudsteneste i soknekyrkja. Om vi ser på dei reelle tala, kan det sjå ut som det er i stagnasjon i nedgangen.

Møre bispedømeråd har sett ned ei tverrfagleg prosjektgruppe. Gruppa vil i 2017 arbeid med å samle inn erfaringar og ulike praksisar med og kring dåp frå kyrkjelydane i Møre. På bakgrunn av dette vil det bli utarbeid materiale som kan hjelpe den einskilde kyrkjelyd til å arbeide meir systematisk og planmessig kring dåp som tema. Dåpen er for mange eit individuelt bevisst val. Dette utfordrar oss til å bli betre på informasjon og kunnskapsformidling. Eit arbeide som må starte i den einskilde kyrkjelyd, men som bispedøme regionalt kan vere pådrivar for.

Ein av prostane har og hatt Olavsstipend for å gå inn i temaet. Dåpen er ikkje lenger berre ei tradisjonsberande handling, men for mange eit individuelt bevisst val. At om lag 13% av foreldre som er medlemmar ikkje døyper i Den norske kyrkja handlar dels om ei haldning om at barna skal kunne velje sjølv. Vi ser også aukande trend til å døype i organisasjonar. Samstundes skal vi gle oss over dei 87% som vel og døype og undersøke kvifor dei tross alle endringar framleis vel å døype.



Dåp er eit av oppdraga gitt av Jesus sjølv og har lange tradisjonar i Den norske kyrkja –. Biletet tv viser dåp i Frei kyrkje 2016. Til høgre - Frå kyrkjebok i Grytten: 22 april 1731 blir son av Peder Indholm og Sara Paalsdtr ➡Bottolph Pedersen - døpt i Heen kyrkje. Seinare kyrkjebøker viser at han vart konfirmert i 1750 og gift med Karene Sebjørnsdatter i 1756.

3.2.2 Trusopplæring – opplæringstilbud i timar

Tabell 3.2.2.1 Gjennomsnittleg tal timar trusopplæringstilbud i kyrkjelydar med godkjend plan

	Taltalt timar planlagt (i aktiv plan)	Gj.snittleg tal timar planlagt (i aktiv plan)	Totalt antal timar gjennomført	Gjennomsnittleg antal timar trusopplærings-tilbud gjennomsnitt	Gjennomsnittleg antal timar i gjennomsnitt året før	Endring frå året før (timar)
Møre 2014	14 848	234,7	11 678	208,5	214,0	-5,5
Møre 2015	13 187	248,8	10 288	194,1	208,5	-14,4
Møre 2016	20 788	415,8	16 479	329,6	189,9	121,0
Samla 2015	158 492	239,5	130 599	200,6	204,6	4,0
Samla 2016	586 696	825,2	237 846	335,0	200,1	122,1

Kjelde: Kyrkjelydane si rapportering i «Planverktøy for trosopplæring». Tabellen inneheld tal timar trusopplæring i sokn i driftsfase, som har godkjent plan. Det samla gjennomsnittet er gjennomførte timar delt på talet godkjende planar. Planlagte timar i aktive planar er tatt med til samanlikning. Kolonnen til høgre viser endring i gjennomsnittleg tal timar frå 2015 til 2016, 2014 til 2015 og 2013 til 2014.

3.2.3. Trusopplæring - deltakardel på utvalde nasjonale breiddetiltak

Tabell 3.2.3.1 Gjennomsnittleg deltaking ved utvalde trusopplæringstilbud og del deltakarar i målgruppa.

		Dåpssamtale	4-årsbok	Breiddetiltak 6-åringar	Tårnagent-helg	LysVåken	Konfirm.	EtterKonf.	Totalt
Møre 2014	Deltakarar	1118	859	593	460	552	2894	599	7075
	Del målgruppa	94 %	58 %	42%	34 %	41 %	92 %	21%	
Møre 2015	Deltakarar	1132	882	515	433	514	2954	458	6888
	Del målgruppa	103 %	61 %	40 %	36 %	29 %	94 %	14 %	
Møre 2016	Deltakarar	989	726	600	427	462	1607	728	5531
	Del målgruppa	92 %	62 %	38 %	34 %	33 %	91 %	19 %	46%
Totalt 2015	Deltakarar	17439	9758	6410	5834	5903	22645	3886	71914
	Del av målgruppa	99 %	50 %	30 %	27 %	25 %	87 %	15 %	46%
Totalt 2016	Deltakarar	19576	9945	7190	6642	6164	22925	4358	76820
	Del av målgruppa	101 %	47 %	30 %	26 %	23 %	84 %	13 %	43%

Kjelde: Kyrkjelydane si rapportering i «Planverktøy for trosopplæring». Tabellen inneheld tal deltakarar i tiltak som er tilbydde i sokn i driftsfase, og delen deltakarar av alle døypte i aldersgruppa tiltaket rettar seg mot. For dåpssamtale er målgruppa alle døypte samme år som er busette i soknet.

Tabellen viser at gjennomsnittleg antall timer i trusopplæringstilbodet i Møre er gått betydeleg opp, og bispedømet ligg no over det nasjonale målet på tilbud om 315 timar/ barn. Dette gler vi oss over.

Antall timar planlagt og antal timar gjennomført gjennomført har og auka. Noko av årsaken kan ligge i at kyrkjelydane våre no har ferdig sine trusopplæringsplanar, at vår undervisningsrådgjevar offansivt har fulgt opp dei ulike einingane og trusopplærings-fagforum i prostia er i funksjon. Det kan å ha noko å seie at trusopplæring, faglegheit og tverrfagleg samarbeide er viktige tema som vert framheva ved kvar visitas.

Det vil vert spanande å sjå om talet endrar seg når vi set i gang med revisjon av dei trusopplæringsplanane som først vart godkjende då kriteria for godkjenning har vore i endring over tid. Eit vestentleg moment her er forståinga av kva som er tidsavgrensa breddetiltak og kva som er kontinuerlige tiltak. Dette vil kunne vere utslagsgjevande for gjennomsnittleg antall timar trusopplæringstilbod. Det er nødvendig å avstemme talet på konfirmantar rapportert gjennom trusopplæringa og tal konfirmantar rapportert via SSB.

3.2.4. Trusopplæring - Oppslutning om trusopplæringstiltak

Tabell 3.2.4.1. Oppslutning om trusopplæringstiltak, utvikling

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Dåpssamtale	94%	100%	199	94	103	92
4-års bok	67	56	63	58	61	62
6 år	52	38	43	42	40	38
Tårnagent	45	27	33	34	36	34
LysVåken	54	30	36	41	29	33
Konfirmasjon	93	96	94	92	94	91
Etter konf	44	13	35	21	14	19

Tabellen viser gjennomsnittleg deltaking ved utvalgte trusopplæringstilbud og andre deltakarar i prosent av målgruppa

Vi ser at oppslutninga varierer over tid for alle trusopplæringstiltaka. Vi er usikre på årsakene til dette. Vi vil halde fast på å gi generell vegleiing og oppmuntring, men og sjå særskilte tiltak. Eit døme på eit tiltak er at i 2017 vil vi starte eit utviklingsarbeide med dei trusopplæringsplanane som først blei godkjende. Dette vil gi desse kyrkjelydane hjelp til å avstemme kart og terreng og rom for å tenkje nytt der dette er påkrevd.

Måla viser at det står att mykje arbeid når det gjeld oppslutning kring trusopplæringstiltak etter konfirmasjonen. Dette kan ha å gjere med at tilbodet innan fritidsaktivitetar er blitt større og at ungdom vel tilbod etter kvar dei fleste deltek. Ofte er det også slik at dei som er aktive innan eitt område, gjerne er engasjerte innan fleire fritidsaktivitetar.

Det er mange små plassar i fylket vårt, der ungdommane ofte må flytte eller pendle til vidaregåande skule. Dette gjer det vanskelegare å halde oppe lokale tilbod.

Vi hadde i 2016 ungdomsår. Det er for tidleg til å seie noko satsinga har gjeve ein auka oppslutnad, men det vi kan seie er at vi har fått ein auka bevisstheit kring ungdomsarbeide vårt.

Vi heldige og har 10 kyrkjelydar som er med som pilotar i prosjektet «På sporet» som rettar seg mot 16,17 og 19 åringane. Det skal bli spanande å fylje desse og sjå kva erfaringar dei gjer seg og korleis dei andre kyrkjelydane våre kan dra nytte av denne erfaringa.

4 årsboka er det tiltaket som har vore lengst og som er rota både i tradisjonen og erfaringsgrunnlag i kyrkjelydane. Det vert spanande å sjå om kva effekt trusopplæringsreforma har på oppslutningstala i framtida.

Det som er viktig er at vi holder trykket på planarbeid oppe og stressar viktigheita av å jobbe målretta, strukturert og konkretisert. Dette vil kunne legge til rette for lokalt eigarskap, auka antal frivillige og dermed kunne fristille ansatte ressursar.

I Møre bispedøme ser vi høg deltakingsprosent i høve til trusopplæringa. Vi trur årsakene til dette er fleire:

- Den norske kyrkja har historisk sett stått sterkt
- «Tradisjon» tilseier at medlemmane deltar i aktivitetar knytte til kyrkjelyden
- Dei kristne organisasjonene i delar av bispedømmet har gjort og gjer eit stort og viktig arbeid
- Folk er glade i si lokale kyrkje og møter opp når det er noko som skjer
- Det er over tid bygd opp ein god tillit og relasjon til dei som soknar til kyrkjelyden
- I Møre er det mange dyktige og dedikerte medarbeidarar – løna og frivillige

Det er ein auke i deltaking innan dei «tradisjonelle» tiltaka dåpssamtale, 4-årsbok og konfirmasjon, men nedgang innan dei nyare tiltaka. Årsakene treng vi meir tid til å finne ut av, men nokre inntrykk vil vi presentere:

Det virkar som om det er eit skifte, i alle fall i dei dei såkalla «by-kyrkjelydane». Der har det dei seinare åra blir brukt meir og meir ressursar på nettverksbygging, informasjonsarbeid og direkte oppfølging for å få borna/foreldra til å besøke dei ulike tiltaka. Vi ser likevel tendens til at oppslutninga går ned. Dette kan ha mange årsaker. Mellom anna kan det ha å gjere med auka sekularisering og større religionsmangfald. Kanskje ser vi også verknaden av at skulane i større grad ønskjer å vere religionsnøytrale.

Kyrkja har eit ansvar for både å opplyse om og tilby sine ressursar. Det ligg eit klårt ansvar i å ta vare på kulturhistoria vår. Som kyrkje har vi eit ansvar ved at vi dagleg nyttar eit «levande kulturminne», i kraft av den rolla kyrkja som institusjon har i lokalsamfunna. Det å gjere planane stadeigne blir meir viktig, både av omsyn til kulturarv, identitet og inkludering. Dette blir sentrale verdiar når sokna skal revidere og vidareutvilke trusopplæringsplanane sine. Innsatsområdet må vere å skape større eigarskap til trusopplæringsplanane mellom dei ulike faggruppene/arbeidsgruppene.



Trusopplæring i praksis

Foto: Møre bispedøme

3.2.5 Konfirmasjon

Tar vi utgangspunkt i tal døypte 15-åringar er det 95 prosent som vel konfirmasjon. Konfirmasjonstalet er stabilt over tid, slik tabellen nedanfor viser.

Tabell 3.2.5.2 Andel komfirmerte, døypte 15-åringar

	Antal konfirmerte 15 åringar i 2015	Antall døypte 15 åringar 2015		Antal konfirmerte 15 åringar i 2016	Antall døypte 15 åringar 2016	
Møre	2 742	2 883	95 %	2 688	2 844	95 %
Landet	39 527	45 428	87 %	37 466	43 924	85 %

Kjelde: SSB og medlemsregisteret. Utrekna med å dividere antall konfirmasjonar utført i sokna i 2016, dividert på antall medlemmer som er 15 år ved nyttår.

T

Tar vi utgangspunkt i antal 15-åringar er det 78,6 prosent som vel konfirmasjon i Den norske kyrkja i Møre bispedøme. Utviklinga over tid ser slik ut:

Tabell 3.2.5.1. Konfirmantar i prosent av 15-åringar

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Konfirmantar	2 970	2 861	2 901	2 811	2 848	3 006	2 822	2 723	2 882	2742	2688
Konfirmasjon i % av 15 åringar	83,7	84,0	83,9	82,6	83,4	83,8	81,8	81,5	81	79,5	78,6

Kjelde SSB

Ser vi på fordelinga av konfirmantar over tid, ser utviklinga slik ut:

Tabell 3.2.5.2 Konfirmerte i prostia, utvikling i tal


År	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Molde	395	471	400	464	414	483	428	426	398	392	388
Søre Sunnmøre	647	535	589	587	600	598	565	556	549	538	536
Austre Sunnmøre	256	271	268	243	272	280	242	265	292	273	252
Nordre Sunnmøre	750	713	745	691	720	736	749	713	778	723	701
Indre Romsdal	254	216	216	217	238	227	206	197	179	187	188
Ytre Nordmøre	442	426	423	365	391	415	413	356	410	376	367
Indre Nordmøre	226	229	260	244	213	267	224	210	276	249	256
Sum	2970	2861	2901	2811	2848	3006	2827	2723	2882	2738	2688

Kjelde: SSB



Konfirmantar var ei av målgruppene for Ungdomsåret 2016. Til venstre prosjektleiar Eivy Marie Tofte
Foto: Møre bispedøme

Diagram 3.2.5.3 Konfirmerte i prostia, utvikling i tal



Diagrammet viser utvikling av tal på konfirmantar i prostia i perioden 2001 – 2016.

Møre har høg konfirmasjonsdeltaking samanlikna med andre bispedøme.

Tala viser at Møre har god oppslutnad og at dei fleste som blir døpt også velger konfirmasjon. Konfirmasjon er tradisjon, men har etter kvart og blitt eit verdival. Mange veljer kyrkjeleg konfirmasjon av ulike grunnar. Kvalitet i undervisning, aktiv deltaking og liturgiske medhjelparar i gudstenester, tru og tvil tatt på alvor. Høve til å bli leiar i året etter konfirmasjon. Kanskje har positiv erfaring gjennom trusopplæringstiltak noko å seie her?



Møre bispedøme er det høg deltaking innan trusopplæring generelt og konfirmasjon spesielt
Grafisk foto: Bjørn Olaf Storhaug

TILTAK OG PRIORITERINGAR INNAN DÅP OG TRUSOPPLÆRING:

- Møre bispedømeråd har tilsett rådgjevar undervisning i 100% stilling.
- Alle sokn i alle prostia har fått tildelt trusopplæringsmidlar.
- Fokus på undervisningsmedarbeidarar, med fagdagar og etablering av Forum for trusopplæring i alle prosti.
- Gjennomføring av årsrapportsamtalar med alle tilskotsmottakarar, i hovusak som besøk/møte med tildelingseininga.
- Møre bispedømeråd og Møre biskop Igangsett særskilt prosjekt knytt til dåp og dåpsutvikling.
- Nettverksbygging og styring av regionalt og lokalt samarbeid.
- Forankre tilknyttinga mellom ungdomsarbeid og trusopplæringsplanar.
- Regionale og lokale leiartreningsopplegg for ungdom.

3.3. Kyrkje og samfunn

Strategisk mål: Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

Indikatorar: Tal kyrkjelydar med diakonal teneste
Tal kyrkjelydar med godkjent diakoniplan
Tal treff på nettsider
Tal Grøne kyrkjelydar
Tal kyrkjelydar med misjonsavtale
Tal konsertar og arrangement i kyrkjene
Forvaltningssaker etter kyrkelova og gravferdslova 2015
Måloppnåing: Målet er delvis nådd

MÅLOPPNÅING VIST VED INDIKATORAR:

3.3.1 Diakoni

Tabell 3.3.1.1 Sokn med diakonal kompetanse (diakon eller diakonimedarbeidar)

	2015	Andel sokn med diakonal betjening	2016	Andel sokn med diakonal betjening	Antall sokn
Møre	53	55 %	53	55 %	97
Totalt	647	52 %	637	53 %	1205

Kjelde: SSB. Tabellen viser tal sokn med diakonifagleg kompetanse og kor stor del av sokna som har tilgang til slik kompetanse i form av tilsette diaknor eller diakoniarbeidarar på heil- eller deltid. Kolonna til høgre, «Tal sokn totalt», inkluderer ein val-kyrkjelyd, men ikkje kategorialkyrkjelydar knytte til bispedømet.


Tabell 3.3.1.2 Sokn med lokale diakoniplanar

	2015	Andel sokn med lokal diakoniplan	Antall sokn	2016	Andel sokn med lokal diakoniplan	Antall sokn
Møre	59	61 %	97	60	62 %	97
Totalt	734	59 %	1 236	720	60 %	1205

Kjelde: SSB. Tabellen viser tal sokn med lokal plan for diakoni vedtatt etter 2007 og kor stor del av sokna som har vedtatt slik plan. Tal sokn totalt inkluderer valkyrkjelydar, men ikkje kategorialkyrkjelydar knytte til bispedømet.


Tabell 3.3.1.1 og 3.3.1.2 viser at antal sokn med diakonal kompetande er uendra, og ein svak oppgang i talet på sokn med vedteken diakoniplan. 55% av sokna har tilgang på diakonal kompetanse – og 60% av sokna har vedteken diakoniplan. Dette er om lag som snittet for dei andre bispedøma. Det er ein tydelig samanheng mellom diakonal kompetanse og vedteken diakoniplan. Av dei 36 sokna som ikkje har vedteken diakoniplan er det berre 5 som har diakon eller diakoniarbeidar i sitt fellesråd. Ei fersk undersøking i Møre bispedøme viser at dei som har vedteken diakoniplan, i vesentlig grad har brukt «Diakoniplan for DnK» som mal for sin eigen lokale plan, men berre halvparten av planane er vedtekne av sittande sokneråd. Jfr. Tabell 1.3.3.1.3.

Tabell 1.3.3.1.3 Når ble diakoniplanen vedtatt i soknerådet



Undersøkinga viser vidare at «Inkluderande fellesskap» er det området som dei fleste (95%) av sokna med diakoniplan har teke med i planen. Andre sentrale områder er Vern om skaparverket (85%) Oppfølging av etterlatte (85%), Besøksteneste (80%) og Kamp for rettferd/internasjonal diakoni (60%). Berre halvparten av sokna med diakoniplan har diakonale tiltak for barn og ungdom i sin plan, Jfr. Tabell 1.3.3.1.4.

Tabell 1.3.3.1.4. Hvilke av følgende områder er omtalt i diakoniplanen? (velg en eller flere)



Om innvandring og asylsøkjere

I Møre og Romsdal var det 1/1-16 25.600 utenlandske statsborgere. Det utgjør 9,7% av det totale folketallet. Andel personer med flyktningebakgrunn utgjør totalt i Norge i 2016 28,5% av de med utenlandsk bakgrunn (Kjelde SSB). Om denne fordelinga og gjelder for Møre og Romsdal er det om lag 11.000 med flyktningebakgrunn i vårt bispedømme. På landsplan utgjør antall personer med flyktningebakgrunn 3,8% av befolkninga.

Mange kyrkjelydar gjer mykje arbeid for integrering av flyktningar og asylsøkjere. Andre lag og organisasjonar står saman med dei. Inkluderande fellesskap er det området som i dei vedtatte diakoniplanane er omtalt fleist gongar. Møre biskop er og deltakande i samfunnsdebatten på dette området.

3.3.2 Miljø

Tabell 3.3.3.1 Grøne kyrkjelydar

	Tal grønne kyrkjelydar	Prosent	Totalt tal kyrkjelydar
Møre 2015	9	9,3%	97
Møre 2016	9	9,3%	97
Totalt 2015	299	24 %	1244
Totalt 2016	315	26 %	1213

Kjelde: Kyrkjerådet. Tal kyrkjelydar som er registrerte som grønne kyrkjelydar på gronnkirke.no.

Møre bispedømeråd og Møre biskop har fokus på og oppmodar om å bli grøn kyrkjelyd. Likevel er Møre blant dei med lågast oppslutning av alle bispedøma. Ressursgruppa for skaparverk og berekraft arbeider målretta for at fleire kyrkjelydar skal bli grønne, og inviterer mellom anna til årlige samlingar for tilsette og frivillige som er oppteken av klima, forbruk og rettferd. Vi har inntrykk at mange kyrkjelydar tenker og praktiserar grønt, men vel likevel å ikkje registrere seg.

Møre biskop tar del i miljøengasjementet mellom anna ved å delta på dei internasjonale klimatoppmøta som representant for Den norske kyrkja. Lokalt er Grøn kyrkjelyd og del av tema for visitas.



3.3.3. Informasjon

Tabell 3.3.2.1 Treff på bispedøma sine heimesider

	2013	2014	2015	2016	Tal treff per dag
Møre	3 307	6 912	18 211	236	50
Totalt	157 758	173 652	217 416	244 106	596

Kjelde: Bispedøma. Tala over referer til tal unike besøk (øktar, ikkje sidevisningar) på bispedøma sine nettsider i løpet av 2014, 2015 og 2016

Møre har om lag tredobla treff på sine heimesider i 2015 og vi har inntrykk av ei ytterlegare auke i 2016. Møre gjekk over til ny heimesideplattform 22/12-16. Vi seier oss lei for at det ikkje har vore mogleg å ta ut statistikk for dei gamle heimesidene for 2016. Det har vore merksemd kring oppdatering, fornying og aktualitet. Heimesidene har fram til ny plattform stetta både kommunikasjon med publikum og informasjon til tilsette. Informasjon til tilsette vil no i hovudsak skje via intranettsidene Kyrkjebakken. Det har gjennom fagdagar og kurs vore arbeid med tema om informasjon og kommunikasjon.

3.3.4 Misjon

Tabell 3.3.4.1 Kyrkjelydar med misjonsavtalar (i ein av SMM-organisasjonene)

	Tal misjonsavtalar 2015	Tal kyrkjelydar med misjonsavtale 2015	Tal kyrkjelydar med misjonsavtale 2016	Tal kyrkjelydar med misjonsavtale 2016
Møre	70	64	76	69
Totalt	959	866	963	885

Kjelde: NMS, Normisjon, Misjonsalliansen, Israelsmisjonen, Stefanusalliansen, Areopagos og Himalpartner. 2016-tal: Etatsstatistikk 2016.

Per 31/12-16 er det 69 av 97 kyrkjelydar, 67% i Møre som har misjonsavtalar gjennom organisasjonane i Samarbeid Menighet og Misjon (SMM). I tillegg er det to kyrkjelydar som har avtale utanfor SMM og dermed 76 avtalar fordelt på 71 kyrkjelydar (69%)

Det har vore litt auke i antal avtalar. Kyrkjelydar har blitt kontakta for å klargjere misjonsengasjement,- og rydde opp i avtalar, - kva som skal fornyast, og kva som er endra. Listene har blitt rydda for utgåtte avtalar. Oppfølging av avtalar er viktig,- å gjere ein jobb overfor dei ein har,- og ikkje berre tenke nye. Vi har fleire fornyingar av avtalar, noko som følge ein del arbeid med, utan at det viser igjen i auka tal,- samt nokre nye.

Utfordringa frå kyrkjemøtet 2012, vert brukt aktivt inn i kyrkjelydar, stabar, visitasar, fagdagar. Lokalkyrkjelydane vert utfordra til heilheitleg misjonsengasjement i forkynning, gudsteneste, trusopplæring, diakoni og kultur. Dette kan ein merke begynner å slå rot. Det har vorte arbeidd for auka forståing i kyrkjelydane for at misjon handlar om samanhengen mellom dåpen, trua og kallet til eit liv i bøn og teneste. Det bidreg til auka kompetanse og forståing i kyrkjelydane og blant tilsette om misjon og kyrkje. Misjon er ikkje noko nokon spesielle i kyrkja GJER, men Misjon er det kyrkja ER, - det handlar om kva det vil seie å vere kyrkje. Misjon er heller ikkje noko ein kan vekkplassere til misjonsorganisasjonane, medan kyrkja har anna å jobbe med. Fokus er sett på at misjonsavtalane kan vere verktøy inn i kyrkjelydsarbeidet. Det vert sendt ut materiell til åpenberringstida, for inspirasjon og auka kompetanse. Møre BD har også dette året hatt samarbeid med NMS om Pilgrimsvandring, og vore vertskap for SMM nasjonalt saman med stiftsdagane.

3.3.5 Kultur

Tabell 3.3.5.1 Konsertar og andre kulturarrangement

	Konsertar				Andre kulturarrangement			
	I regi av kyrkjelyden		I regi av andre		I regi av kyrkjelyden		I regi av andre	
	Tal	Del-takarar	Tal	Del-takarar	Tal	Del-takarar	Tal	Del-takarar
Møre 2014	374	35 740	230	40 229	79	6 896	42	3 559
Møre 2015	377	40 161	266	48 569	98	7 500	52	4 284
Møre 2016	372	40 462	292	52 751	87	6 622	48	2 938
Totalt 2016	6 201	658 818	3 928	717 020	2 215	324 956	664	82 514

Kjelde SSB. Tabellen viser tal konsertar og kulturarrangement som er rapporterte frå kyrkjelydane, og deltakarar på desse arrangementa. For sokn som ikkje har rapportert i 2016 er 2015-tal lagt til grunn.

Tabell 3.3.5.2 Konsertar og andre kulturarrangement – deltakarar og endring i prosent

	Totalt tal konsertar og kulturarrangement		Deltakarar konsertar og kulturarrangement		Prosent endring 2015-2016	
	2015	2016	2015	2016	- i tal konsertar/ kulturarr.	- i tal deltakarar
Møre	793	799	100 674	102 773	0,8 %	2,1 %
Totalsum	12 655	13 008	1 731 901	1 783 308	2,8 %	3,0 %

Kjelde SSB. Tabellen viser tal på konsertar og kulturarrangement som er rapporterte frå kyrkjelydane, og deltakarar på desse arrangementa. Tabellen viser også dei same tala for 2015, og den prosentvise endringa frå desse.

Tala frå 2016 viser svak stigning både for deltaking på konsertar og andre kulturarrangement, og når det gjeld tal på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene i Møre. Med eit samla deltakartal på 102 773 på konsertar og kulturarrangement er kulturarbeidet er ein viktig berebjelke for folkekyrkja i vårt bispedøme.



Grafiske foto: Bjørn Olaf Storhaug

Vi kan slå fast at Møre bispedøme er eit «kulturbispedøme». I det mangfaldige kyrkjelege arbeidet blir det utført geniunt kulturarbeid, ikkje minst gjennom song og musikk. Kyrkjene og kyrkjelydane er viktige både som kulturarenaer og som kulturaktørar. Statistikken viser at det er vesentleg større oppslutning på konsertar i regi av andre enn kyrkjelyden. I snitt var det 109 deltakarar på konsert der kyrkjelyden sto som arrangør, medan det var 181 i snitt på konsertar arrangert av andre. Dei store julekonsertane med kjente artistar er sannsynlegvis ein vesentleg årsak til dette. Men det understrekar at det er viktig å halde fram det systematiske arbeidet med å auke den kyrkjelege kulturkompetansen.

Det er eit spekter av arrangement med godt, lokalt kultursamarbeid gjennom heile året. Dette gjeld konsertar, deltaking av korps og kor på gudstenester og andre arrangement, innslag med dans, drama og litterære uttrykk og ofte med deltaking av lokale foreiningar, lag og organisasjonar. Profesjonelle kunstnarar brukar kyrkjene som lokale for konsertar, framsyningar og utstillingar, og årlege kyrkjemusikk- og kulturfestivalar blir arrangert mange stader i bispedømet.



Sjølvs om tala viser ei auke i det totale talet på deltaking og arrangement, viser tabellen at det er ein nedgang i tal på andre kulturarrangement i kyrkjene og deltaking på desse frå 2015 til 2016. Tala for 2016 er her omtrent tilsvarende tala for 2014. Det er vanskeleg å forklare denne nedgangen, men tala er såpass lave at skal lite til før det gir utslag.

Møre bispedømme har i 2016 arrangert tre større kompetanseheevande tiltak, to fagdagar med kyrkjemusikarar som målgruppe og eit tverrfagleg seminar i samarbeid med KKKK-festivalen i Kristiansund, Møre og Romsdal fylkeskommune og Norske kirkeakademier, med tema barn og kunst. Gjennom året er det også arrangert mange lokale kompetansehevingstiltak som har hatt til hensikt både å rette fokus på rekruttering, søknadsskriving, men også spesifikt på aktuelle fagområder innanfor kunst og kultur. Det har også vore eit fokus på bevisstgjerings av kunst- og kulturaspektet innanfor planarbeidet for trusopplæring i kyrkjelydane.

Kyrkja i Møre har gjennom året samarbeida med mange miljø i det allmenne samfunns- og kulturlivet i bispedømmet, m.a dei ulike kommunane, kulturskulane, Møre og Romsdal fylkeskommune, Bjørnsonfestivalen, Molde internasjonale jazzfestival, Romsdalsmuseet, Høgskulen i Volda, Kulturhuset Plassen i Molde, ulike historiske spel og festivalar. Ein opplever at det er stor velvilje og eit sterkt ønske frå det almenne kulturlivet om å skape kunst- og kulturopplevingar i kyrkjeromma. I samband med planlagde markeringar av reformasjonsjubileet i er det i 2016 også etablert samarbeid med fleire av dei store kulturinstitusjonane i fylket.



Den kulturelle skulesekken

Det er ei erkjenning frå kyrkjelydane at dei jamt over ikkje har tid eller ressursar til sjølv å produsere framsyningar innanfor DKS. Arbeidet med dette programmet vil difor framleis vere å forsøke å skape gode møtepunkter mellom lokale kunstnarar, kulturavdelinga i fylket, skuleadministrasjonen og kyrkja. Ut frå dette kan det vekse fram naturlege og stadeigne samarbeidsproduksjonar. Gjerne med tilknytning til lokal kulturarv, kyrkjekunst, stavkyrkjer, tradisjonar osb.

Produksjonen «I et speil, i en gåte» blei produsert i 2015, og er blitt vist for ungdomsskuleelevar i kommunar i Romsdal i 2016. Her blir elevane kjent med kristne symbol, kyrkjekunst og arkitektur i si

lokale kyrkje. Framsyninga vil bli vist på Kyrkjerådet sin landskonferanse om arkitektur og kyrkjekunst i mars 2017.

I samband med Kyrkjerådet sitt prosjekt «Forestillinger om nåde», blir ei av framsyningane produsert i Møre; «Korfor er det så mørkt her?». Framsyninga skal i 2017 bli vist for konfirmantar i bispedømet i regi av Møre bispedøme og kyrkjelydane. Intensjonen er at den etterpå går inn i DKS-ordninga på fylkesplan, og blir tilbydt ungdomsskuleelevar. Det er eit godt samarbeid mellom bispedømet og kulturavdelinga i fylket om denne ordninga, og med ein klar intensjon om at kyrkja skal vere ein viktig bidragsytar innanfor Den kulturelle skulesekken i vårt fylke.

Pilegrimsarbeid

Møre bispedøme er framleis aktiv pådrivar og bidragsytar i arbeidet med å få etablert Kystpilegrimsleia. Det er gledeleg at dette arbeidet no er inne på eit godt spor, med NCE Tourism – Fjord Norway som prosjektleiar. Målet er at leia skal godkjennast og bli opna i 2018. Nøkkeltader i bispedømmet er definert, og arbeidet med å etablere ulike samarbeidsrelasjonar mellom kommunar, kulturinstitusjonar, reiselivsbedrifter og kyrkjelydane er mange stader godt i gang i bispedømmet. Kystpilegrimsleia og pilegrimsmotivet har vore tema i ulike samanhengar i 2016, både i samband med visitasar og i andre møtepunkt.

Det ble arrangert pilegrimsreise frå Giske til Selja og Seljumanna-messa sommaren 2016 i regi av kyrkjelyden på Giske og NMS. Ca 30 deltakarar var med på turen, og tilbakemeldingane var gode. Nye pilegrimsreiser er planlagt i 2017.

Pilegrimsleden Valldal – Dovre blei opna i 2015. Framleis står det att mykje arbeid med merking og tilrettelegging, og ein er no inne i ein prosess der ein drøftar korleis ein skal få fleire til å bruke leia, og korleis ta vare på, og utvikle historia/tradisjonen, samstundes som ein får meir verdiskaping kring denne leia. Det er eit veksande engasjement rundt pilegrimsmotivet i vårt bispedøme. Og ein erfarer at dette arbeidet legg til rette for godt samarbeid og gode møtepunkt mellom kyrkja, kommunar, kulturinteresser og næringsliv.

3.3.6 Forvaltningssaker etter kyrkjelova og gravferdslova 2016

Etter både kyrkjelova og gravferdslova med forskrifter er det lagt vedtaksmynde til biskop og bispedømeråd for visse saksområde. Riksantikvaren har i løpet av 2015 og 2016 utarbeidd fleire rettleiarar for forenkla kyrkjesaksbehandling av listeførte kyrkjer. Rettleiarane er utarbeidd i samarbeid med Kyrkjerådet og Kyrkjeleg arbeids- og interesseorganisasjon. At biskopen no har fått delegert vedtaksmynde for einskilte saksområde som gjeld listeførte kyrkjer, er eit uttrykk for at kyrkja sjølv får større ansvar for kyrkjene som kulturminne.

Vedtak gjorde av fellesråd eller sokneråd i medhald av offentleglova (jf KL § 38) kan bli klaga til bispedømerådet. Enkeltvedtak gjorde av fellesråd eller sokneråd i medhald av gravferdslova eller forskrifta til denne kan bli klaga til bispedømerådet.

Etter kyrkjelova § 18 skal biskopen godkjenne "Anskaffelse og avhendelse av kirkens inventar og utstyr." Etter kyrkjelova § 21 har biskopen delegert mynde til "å godkjenne ombygging og utvidelse av kirke og til å tillate bebyggelse nærmere enn 60 meter fra kirke i spredtbygd område."

«Ombygging» er eit vidt omgrep i kyrkjelova § 21. Biskopen følgjer Riksantikvaren si rådgeving. Sakene gjelder tilkomst, ytre rehabiliteringar og forbetringar, toalett, orgel, benkeendringar, fargesetting m.v.

Bispedømerådet hansamar klagesaker etter Offentleglova på vedtak i kyrkjelege organ, jf. kyrkjelova § 38.

Etter gravferdslova § 4 m.fl. og etter forskrifta til lova har bispedømerådet mynde til å godkjenne nyanlegg og utvidingar av gravplassar, dessutan andre vesentlege endringar på gravplass. Bispedømerådet har og mynde til å godkjenne ferdigstilling av gravplass (forskrifta § 6) og til å godkjenne vedtekter for gravplass (§ 21). I saker som gjeld anlegg og vesentlege endringar på gravplass hentar bispedømerådet inn råd frå departementet sin gravplassrådgjevar.

Etter kyrkjelova § 16 skal bispedømerådet godkjenne før det kan takast opp lån på vegner av soknet. I 2015 var det ingen slike saker. Bispedømerådet godkjende éin søknad som gjaldt disponering av kyrkjefond etter kyrkjelova § 19.

I alle forvaltningssaker etter kyrkjelova og gravferdslova blir det lagt vekt på nær dialog og godt samarbeid med dei kyrkjelege fellesråda og kyrkjeverjene.

TILTAK OG PRIORITERINGAR INNAN KYRKJE OG SAMFUNN:

1. Møre bispedømeråd har tilsett rådgjevar diakoni i 30 %, rådgjevar misjon i 75 % (i samarbeid med SMM-organisasjonane), rådgjevar kultur i 100 %, rådgjevar forvaltning og kommunikasjon i 100%.
2. Møre bispedømeråd har ved fordeling av tilskot til diakonistillingar prioritert kyrkjelydar med mange medlemmer.
3. Det har vore fokus på at diakoniplanar skal vere godkjende etter Kyrkjemøtet sitt vedtak om plan for diakoni.
4. Arbeidet med å lage artiklar til heimesida ligg til alle tilsette ved bispedømekontoret. Arbeidet med å publisere ligg til ein person. Bispedømet har ingen tilsette med særskild informasjons- eller kommunikasjonsansvar, men dette vil bli arbeidd nærare med i 2016.
5. Fokus på Grøne kyrkjelydar gjennom utvida arbeid i ressursgruppe for Skaparverk og berekraft, blir fokusert i visitasar og ved at det er utarbeidd ny brosjyre som kyrkjelydane kan ta i bruk.
6. Det blir arbeidd for å fremje misjonal grunnhaldning i gudstenesteliv, trusopplæring og diakoni ved å følgje opp Kyrkjemøtet si sak 07/12 «Misjon til forandring». Oppfølgjinga skjer gjennom fagdagar, visitasar og i ulike tverrfaglege samanhengar.
Misjonsperspektivet vert fokusert gjennom
 - a. utvikling av samarbeidet med SMM Møre og i relasjon til den einskilte kyrkjelyden
 - b. ved å utvikle samarbeidsavtalene med venskapsbispedøma i Newcastle og Ungarn.
7. På kulturfeltet er det særskilt fokus på å
 - a. Auke offentleg finansiering av kultur i kyrkjene og/eller i regi av kyrkjelyden og bispedømerådet ved særskilt å gi informasjon om finansieringsordningar
 - b. Utvikle nye og ta vare på etablerte samarbeidstiltak
 - c. Auke kyrkjeleg kulturkompetanse gjennom fagsamlingar og kurs
 - d. Utvikle spisskompetanse innan felta Den kulturelle skulesekken og dramaturgiske uttrykk
 - e. Bidra til etablering av Kystpilegrimsleia
8. Gjennom visitasar: fokus på kyrkja i lokalsamfunnet
9. Biskopen er aktiv i offentlege samanhengar i møte med ulike organ, t.d. på fylkes- og kommunenivå. Biskopen tek også del i den offentlege debatten i ulike media.

3.4 Rekruttering og frivilligheit

Strategisk mål: Fleire får lyst til å jobbe i kyrkja

Indikatorar: Utlysingar, søknader og tilsettingar prestestillingar
Slutta
Rekruttering
Tal vigslingar
Tal frivillige

Måloppnåing: Stor grad av måloppnåing

MÅLOPPNÅING VIST VED INDIKATORAR:

3.4.1 Utlysingar, søknader og tilsettingar

Tabell 3.4.1.1 Utlysingar, søknader og tilsettingar av prestestillingar

	Utlyste stillingar	Tal søknader	Søknader per utlyste stilling	Stillingar utlyst fleire gonger	Tilsettingar
Møre 2015	17	53	3,1	2	14
Møre 2016	9	15	1,7	4	6
Totalt 2016	126	606	3,6	30	126

Kjelde: Bispedøma. Talet utlyste stillingar viser kor mange prestestillingar som har vore utlyste i løpet av rapporteringsåret (1. des. 2015 til 30. nov. 2016). Det kan vere avvik mellom tal tilsettingar og tal utlyste stillingar fordi tilsettingar til stillingar som er utlyste før rapporteringsåret tok til er rekna med. Tal tilsettingar er også uavhengig av om den tilsette har byrja i stillinga på rapporteringstidspunktet.

Tabell 3.4.1.2 Utlysingar, søknadar og tilsettingar 2009-2016, Møre og alle bispedøma

Tabell		2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal utlysingar	Møre	16	15	8	6	12	8	17	9
	Alle	140	115	134	119	198	171	183	169
Tal søknadar pr. utlysing	Møre	2,2	3,1	2	5,8	2,8	3,1	3,1	1,7
	Alle	3,8	5	5,1	7,0	4,5	4,5	5,5	3,6
Tal tilsettingar	Møre	14	6	10	6	11	6	14	6
	Alle	130	92	112	105	164	139	146	126
Tal stillingar lyste ut fleire gonger	Møre	4	6	2	0	2	0	2	4
	Alle	38	22	26	19	40	43	37	30

Tabellen viser utvikling av utlysingar, søknadar, tilsettingar frå 2009 til 2016

Møre bispedøme har hatt ein utfordrande rekrutteringssituasjon over fleire år. I 2015 var det heile 14 tilsetjingar. Dette var relativt mange, og skuldast at mange tilsetjingar i 2014 måtteforskyvast til 2015 i påvente av vedtak i bispedømmerådet om fordeling av presteressursane. I 2016 er vi tilbake til eit normalår når det gjeld talet på tilsetjingar.

Talet på søknadar i 2016 var på 1,7 i snitt. Dette er det lågaste talet på søknadar per stilling i heile perioden som er vist i tabellen, og er nesten 2 søknadar færre i snitt enn landsgjennomsnittet. Dette er ei utvikling som er svært krevjande.

Tabell 3.4.1.3 Kvinnedel - søknader og tilsettingar

	Søknadar			Tilsettingar		
	Tal søknadar	Av dette frå kvinner	Del kvinner	Tal tilsettingar	Av dette kvinner	Del kvinner
Møre 2015	53	9	17 %	14	3	21 %
Møre 2016	15	3	20 %	6	1	16,7%
Totalt 2016	606	209	34,5 %	126	50	39,7 %

Kjelde: Bispedømme. Tabellen viser kor mange søknadar som kom frå kvinner i løpet av rapporteringsåret (1. des. 2015 til 30. nov. 2016), og kor stor del desse søknadane utgjorde av alle søknadane som kom inn. Tabellen fortel også kor mange kvinner som blei tilsett i bispedømmet og kor stor del av tilsettingane som var kvinner.

Tabell 3.4.1.4: Kvinnedel søknadar og tilsettingar i Møre og alle bispedøma

	Søknadar									Tilsettingar								
	Tal søknadar			Av desse frå kvinner			Kvinnedel			Tal tilsettingar			Av desse kvinner			Kvinnedel		
	-14	-15	-16	-14	-15	-16	-14	-15	-16	-14	-15	-16	-14	-15	-16	-14	-15	-16
Møre	25	53	15	10	9	3	40%	17%	20%	6	14	6	4	3	1	67%	21%	16,7%
Total	775	989	606	248	379	209	32%	38%	34,5	139	146	126	53	57	50	38%	39%	39,7%

Kjelde: Bispedøma

Møre har framleis ein låg del kvinner som søker prestestilling. Tal søknadar frå kvinner er stabilt, men når tal tilsettingar og søknadar går opp, blir delen låg og fortsatt på berre 22 % i 2016. Kvinner blir oppmoda om å søkje – nokre gonger i så sterk grad at bispedømmet får spørsmål om menn er ønska som søkjarar.

Vi ser av tabellen nedanfor at dei fleste nytilsette i Møre kjem frå anna prestestilling eller anna kyrkjeleg stilling. I 2016 var det heile 4 av 6 søkjarar som kom direkte frå utdanning. Dette er gledeleg. Møre bispedøme har for tida ingen utanlandske prestar, har få utanlandske søkjarar og har heller ikkje tilsett utanlandske prestar i 2016.

Tabell 3.4.1.5: Tilsetting etter siste tilsettingsforhold

	2014		2015		2016	
	Tal	Del	Tal	Del	Tal	Del
Anna statleg prestestilling	5 (88)	83% (63%)	9 (86)	64% (59%)	1 (63)	17% (50%)
Anna kyrkjeleg stilling	1 (13)	17% (9%)	(18)	(12%)	0 (13)	0 (10%)
Anna stilling utanfor kyrkja	(14)	(10%)	1 (9)	7% (6%)	1 (23)	17 % (18%)
Utdanning	(17)	(12%)	4 (21)	29% (14%)	4 (23)	66,7 (18%)
Frå utlandet	(5)	(4%)	(11)	(8%)	0 (3)	0 (2%)
Anna / ukjent	(2)	(1%)	(1)	(1%)	0 (1)	0 (1%)
Totalt	6 (139)		14 (146)		6 (126)	

Kjelde: Bispedømme og «Etatsstatistikk 2016». Tal utanfor parentes viser Møre, tal i parentes viser totaltal for alle bispedøma. Tabellen viser førre tilsettingsforhold for dei som er tilsette i rapporteringsåret. Frå utlandet gjeld berre prestar som er utanlandske statsborgarar, ikkje nordmenn som har vore tilsette i utlandet (Sjømannskyrkja m.m.).

3.4.2 Slutta

3.4.2.1. Slutta frå prestestilling

	2014		2015		2016	
	Tal	Del	Tal	Del	Tal	Del
Til anna prestestilling	5 (70)	56% (48%)	10 (67)	67% (48%)	2 (48)	33% (37%)
Til anna stilling i kyrkja	(7)	(5%)	(12)	(9%)	1 (9)	17% (7%)
Til stilling utanfor kyrkja	(14)	(10%)	1 (10)	7%(7%)	1 (9)	17% (7%)
AFP	2 (27)	22% (18%)	1 (11)	7%(8%)	0 (23)	0 (18%)
Alderspensjon	1 (19)	11% (13%)	3 (32)	20%(23%)	1 (30)	17% (23%)
Anna / ukjent	1 (9)	11% (6%)	(9)	(6%)	1 (11)	17% (8%)
Totalt	9 (146)	100%(100%)	15 (141)	100%(100%)	6 (130)	100% (100%)


Kjelde: Bispedømme og «Etatsstatistikk 2015». Tal utanfor parentes viser Møre, tal i parentes viser totaltal for alle bispedømme. Tabellen viser talet som slutta frå faste prestestillingar i bispedømmet i løpet av rapporteringsåret og kor stor del dei ulike årsakene utgjorde av det totale talet som slutta.

Tre av dei seks prestane som slutta i 2016, gjekk over til anna prestestilling eller anna stilling i kyrkja. Ein gjekk over til stilling utanfor kyrkja, ein med alderspensjon og ein til anna/ukjent.

Tabell 3.4.2.2 Kvinnedel, sluttar og årsak

		Anna prestestilling	Anna kyrkjeleg stilling	Stilling utanfor kyrkja	Alderspensjon, og AFP el anna	Totalt (realtall)	Del kvinner/menn
Kvinner	2012	1	0	0	1	2	20 %
Menn	2012	4	1	0	3	8	80 %
Kvinner	2013	1	0	0	0	1	20 %
Menn	2013	0	0	1	3	4	80 %
Kvinner	2014	3	0	1	1	5	56 %
Menn	2014	2	0	1	1	4	44 %
Kvinner	2015	2	0	0	0	2	13 %
Menn	2015	8	0	1	5	14	87 %
Kvinner	2016	0	1	0	0	1	17 %
Menn	2016	2	0	1	2	5	83 %

Kjelde: Møre bispedømme. Tabellen viser tal som sluttar frå faste prestestillingar i Møre bispedømme i løpet av rapporteringsåret og årsak, fordelt på menn og kvinner. Utvikling frå 2012 – 2016.



Møre bispedømme: Fjord- og fjelllandskap pregar dei indre delane – kystlandskap dei ytre. Gir og ramme for den kyrkjelege tenesta.

3.4.3 Rekruttering

3.4.3.1 Rekrutteringssituasjonen i bispedøma

Ledige stillingar

	2012	2013	2014	2015	2016
Agder og Telemark	0	0	0	0	1
Bjergvin	0	1	1	4	0
Borg	0	0	0	0	1
Hamar	0	6	3	7	5
Møre	1	4	4	2	5
Nidaros	5	6	12	13	10
Nord-Hålogaland	9	9	13	9	8
Oslo	0	1	0	0	0
Stavanger	0	0	0	0	0
Sør-Hålogaland	12	5	10	22,5	14
Tunsberg	0	0	0	0	0
Totalt	27	32	43	57,5	44

Kjelde: Bispedøma. Talet viser ledige prestestillingar i bispedømma pr. 30. november 2016. Ei stilling er ledig når stillinga ikkje er tilsett av ein person i fast stilling, trass i at stillinga har vore lyst ut ein eller fleire gonger og tilsettingsprosessen er avslutta.

Ser vi på ledige stillingar og samanliknar med andre bispedøme, ser vi at Møre har utfordringar, men ikkje meir enn det er mogleg å handtere. To av stillingane har blitt handtert på annan måte ved at det er gitt fullmakter over tid. Det tar lengre tid å rekruttere og i tillegg til utlysing skjer rekruttering gjennom å gje informasjon i møte med enkeltpersonar og institusjonar.

Ny-rekruttering

3.4.3.2 Ny-rekruttering» 2016

	Tilsettingar	Slutta	Ny-rekruttering 2016	Ny-rekruttering 2015	Ny-rekruttering 2014	Ny-rekruttering 2013
Møre	5	3	2	3	-2	3
Totalt	63	55	8	18	-6	11

Kjelde: Bispedøma og «Etatsstatistikk 2016». Tabellen viser tal tilsettingar og dei som slutta i bispedømma i løpet av rapporteringsåret (1. des. 2015 til 30. nov. 2016). Ny-rekruttering er tal slutta trekt frå tal tilsettingar.

Møre har bidratt med to «ny-rekrutteringar» i 2016. Årsaka er i hovudsak at det er tilsett fleire prestar enn det har vore avgang- som følgje av tilsetting i ledige stillingar frå året før.

3.4.4 Tal vigslingar

Tabell 3.4.4.1 Tal på vigslingar i Møre frå 2014 - 2016

	2014	2015	2016
Møre	3	3	2
Totalt			34

Det vart gjennomført 3 prestevigslingar både i 2014 og 2015. I 2016 var det 2 prestevigslingar i tillegg til 3 diakonvigslingar og 1 kateketvigsel i Møre bispedøme. Fleire av desse vigslingane er direkte konsekvens av kompetansekrav og motivasjon til etterutdanning.

3.4.5 Frivillige medarbeidarar

3.4.5.1 Tal frivillige medarbeidarar

	2014	2015	2016	Endring 2014-2015	Endring 2015-2016
Møre	6013	6877	7098	14,4 %	3,2 %
Totalsum	88030	92115	93300	4,6 %	1,3 %

Kjelde: SSB. Tabellen viser tal frivillige medarbeidarar i kyrkjelydane i 2014-2016

Møre bispedømme har hatt auke i talet på frivillige medarbeidarar med 3,2% i 2016 mot 14,4% i 2015. I overkant av 3,3 % av alle medlemmar er rekna som frivillige medarbeidarar. Vi har for lite grunnlag til å seie noko om årsak til den positive utviklinga, men vil peike både på gudstenestereforma og trusopplæringsreforma som viktige område som krev auka involvering. I tillegg er det i fleire kyrkjelydar utvikla ungdomsleiarteam. Auka fokus på integrering av asylsøkjjarar og behov for frivillige har og innverknad. Vi vil og peike på effekten av at kyrkjelydane må rapportere tal for frivillige og dermed også ha auka fokus.

TILTAK OG PRIORITERINGAR INNAN REKRUTTERING OG FRIVILLIGHET

- God rekrutteringspolitikk gjennom oppfølging av rekrutteringsplan for prestar i Møre bispedømme, utvida satsing på studentar som ferievikarar.
- Aktivt møte med prestar i utdanning gjennom VTP-programmet
- Gjennomføre samlingar for alle nyttilsette
- Gjennomført prestesamling for alle kyrkjelege tilsette
- Oppfølging av regionalt rundskriv om stillingar knytte til diakoni og undervisning – har gjort at fleire tek utdanning.
- Satsing på ungdomsdemokrati/ungdomsråd, ungdomsarbeid og leiartreningskurs



Visitat i Kvernes 2016: Frivillige og tilsette i alle aldrar. Foto: Møre bispedømme

3.5 Regionalt mål: Ein godt fungerande presteteneste

Delmål:

- God organisering og leiing av prestetenesta
- gode arbeidstilhøve og ei teneste tilpassa lokale tilhøve

Indikatorar:

- Tal årsverktal
- faste prestestillingar etter kjønn
- pensjonistar og einskildtenester
- ekstratenester
- aldersfordeling
- stillingskategoriar
- sjukefråvær
- lønsutvikling
- kyrkjelege handlingar pr. prest
- kyrkjemedlemer pr. prest

Måloppnåing: Stor grad av måloppnåing

MÅLOPPNÅING VIST VED INDIKATORAR:

3.5.1 Tal årsverk

Tabell 3.5.1.1. Tal årsverk i bispedøma og årsverk i prestetenesta i 2014 og 2015

	Adm.	Prest	Totalt	Del presteårsverk
Møre 2014	13,5	73,0	86,5	84 %
Møre 2015	12,0	69,1	81,1	85 %
Møre 2016	13,6	72,8	86,4	84%
Totalt 2016	242,2	1243,7	1485,9	84%

Kjelde: SAP/DFØ. Tabellen viser tal årsverk for 2014, 2015 og 2016 pr. 30/11 med utgangspunkt i faste tilsette sin stillingsprosent.

Talet på årsverk med utgangspunkt i faste tilsette sin stillingsprosent har opp frå 2015 til 2016, både i administrasjon og presteteneste. Forholdet mellom administrasjon og presteteneste er på 84%. Stillingar i administrasjonen inneheld også stillingar finansiert via andre kjelder enn statlege driftsmidlar. I 2016 har administrasjonen hatt ei 50 % stilling som prosjektleiar for ungdomsåret finansiert via OVF og 75% rådgjevar misjon finansiert via OVF og SMM-organisasjonane.

3.5.2 Ekstratenester

Ut over dei faste stillingane er det nytta vikarar og pensjonistar for å gjere presteteneste. For pensjonistar er det ein auke frå 2013 til 2015, men ein tilbakegang i 2016. Årsaka til mindre bruk av pensjonistar heng saman med at det var færre vakansar i 2016 enn året før.

Tabell 3.5.2.1 Pensjonistar og enkelttenester, 2013 - 2015.

Utbetalte timar for medarbeidarar på pensjonistvilkår.

	2013		2014		2015		2016	
	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk
Møre	3 379	1,9	4 053	2,3	8253	4,7	5181	3,0
Totalt	51 016	29,2	74 064	42,3	78876	45,1	67659	38,7

Kjelde: SAP – sjå forklaring tabell neste side

Oversikta ovanfor viser talet timar som er utbetalt til medarbeidarar som har vore lønna på pensjonistvilkår i perioden frå 1. jan. 2014 til 31. des. for 2013, 2014, 2015 og 2016 i Møre bispedøme og totalt. Kolonnane "årsverk" viser kor mange årsverk desse timane utgjer, basert på at eit normalårsverk utgjer 1 750 timar. I 2013 blei talet timar rekna frå 1. des. 2012 – 30. nov 2013.

3.5.3 Gudstenester, gravferd og vigsel

Tabell 3.5.3.1. Ekstratenester gudstenester, gravferd og vigsel

	Gudstenester			Gravferd			Vigsel			Alle
	Ekstern	Tilsett	Totalt	Ekstern	Tilsett	Totalt	Ekstern	Tilsett	Totalt	Sum
Møre 2014	78	12	90	37	21	58	8	10	18	166
Møre 2015	64	18	82	74	34	108	11	11	22	212
Møre 2016	37	7	44	30	7	37	1	7	8	89
Totalt 2016	632	145	777	493	201	694	71	253	324	1795

Kjelde: SAP/DFØ. Tabellen over gir oversikt over kor mange ekstratenester knytte til gudstenester, gravferder og vigsel som bispedøma har utbetalt lønn/honorar for etter fastsette satsar i perioden 1. januar 2016 til 31. desember 2016. Talet er fordelt på eksterne medarbeidarar, dvs. pensjonistar eller andre ordinerte prestar som ikkje var tilsette i statleg stilling og tilsette i bispedømmet som har vore honorerte for utførte ekstratenester.

Frå 2015 til 2016 er det færre utførte enkelttenester på gudsteneste og vigsel i Møre bispedøme. Dette skuldast færre vakansar i 2016 enn det ein hadde i 2015. I liten grad blir ekstratenester utført av eigne tilsette.

3.5.4 Kyrkjelege handlingar per faste presteårsverk

Om vi samanliknar tal kyrkjelege handlingar pr. presteårsverk, så ser vi at Møre har 84,6 og ligger om lag 4 kyrkjelege handlingar høgare enn snitt. Antall kyrkjelege handlingar pr årsverk varierar sterkt mellom bispedøma – frå 74,6 i Oslo til 92,8 i Hamar. Årsaka til nedgangen i Møre frå 2015 er knytta til at antal faste tilsette på rapporteringspunktet har auka. På tilsvarande tidspunkt i 2015 var det tilsett fleire vikarar, jfr tidlegare tabellar. Ser vi Møre i høve til snittet av andre bispedøma, ser det slik ut:

Tabell 3.5.4.1. Kyrkjelege handlingar per faste presteårsverk

	Tal gudstenester, vigslar og gravferder	Faste presteårsverk	Gjennomsnittleg tal kyrkjelege handlingar per presteårsverk	Endring frå året før
Møre 2015	6344	69,1	91,8	-0,1
Møre 2016	6413	72,8	88,1	-3,7
Totalt 2015	106480	1262,2*	84,4	-2,1
Totalt 2016	106212	1255,7*	84,6	0,2

Kjelde: SSB og DFØ/SAP. Kolonna heilt til høgre viser endring i gjennomsnittleg tal kyrkjelege handlingar per presteårsverk frå 2014 til 2015. For 2015 er 2014-tall lagt til grunn for tal kyrkjelege handlingar i sokn som ikkje har rapportert.

*Totalsummen for landet inkluderer 11 presteårsverk i døveprostiet som ikkje er inkluderte i tala for bispedøma.

Tabell 3.5.4.2. Tal kyrkjemedlemmar pr. faste presteårsverk i 2016

	Presteårsverk	Medlemmar i Dnk.	Medlemmar per prest	Endring frå 2015
Agder og Telemark	131	322 848	2464	-74
Björgvin	163	467 337	2872	-1
Borg	134	473 131	3544	-106
Hamar	113	305 759	2712	-30
Møre	73	210 422	2890	-236
Nidaros	108	347 295	3223	-44
Nord-Hålogaland	78	185 247	2375	-38
Oslo	143	426 266	2974	-125
Stavanger	93	328 640	3547	40
Sør-Hålogaland	78	192 868	2485	-237
Tunsberg	120	359 239	3005	-201
Totalt	1 244	3 765 206	3027	-2

Kjelde: SAP/DFØ og Den norske kyrkja sitt medlemsregister. Medlemstalet inkluderer ikkje personar busette i utlandet eller som ikkje kunne knytast til eit geografisk sokn, og er derfor noko lågare totalt enn det som vil vere offisielle tal på alle medlemmar busette i Noreg.

Auke i talet på faste presteårsverk på rapporteringspunktet syner seg igjen i tabellen over knytta til tal kyrkjemedlemmar pr presteårsverk. Den viser ein nedgagn på 236 frå 2015 til 2890 medlemmar pr prest. Vi meiner det er relevant å sjå samanlikninga med alle andre bispedømer.

3.5.5 Samansettinga av presteskapet

Om vi ser nærare på samansettinga i presteskapet, først kjønn og deretter alder, finn vi dette:

Møre bispedøme har ein kvinnetal på 22% i høve til snittet for landet på 31% . Frå 2014 til 2016 har Møre det same talet kvinner.

Tabell 3.5.5.1. Tal faste pretestillingar fordelt på kjønn for 2014, 2015 og 2016.

	2014			2015			2016		
	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt
Møre	16	56	72	16	54	70	16	57	73
Totalt	381	895	1276	400	894	1294	406	867	1273

Kjelde: SAP/DFØ

Frå 2010 til 2016 har kvinnetal i Møre hatt ei utvikling slik det går fram av tabellen under. Det er kvinner i 6 av sju prosti og to av prostane er kvinner. Vi viser elles til likestillingsrapporteringa i kap 6.

Tabell 3.5.5.2. Prosentdel kvinner i pretestillingar 2009 - 2016, Møre og landet

2010		2011		2012		2013		2014		2015		2016	
Kvinner Møre	Totalt landet	Kvinner Møre	Totalt landet	Kvinner Møre	Totalt landet	Kvinner Møre	Totalt landet	Kvinner Møre	Totalt landet	Kvinner Møre	Totalt landet	Kvinner Møre	Totalt landet
14,3%	26,2%	16,2%	26,5%	18,6%	27,2%	20,8%	29,4%	22,2%	29,9%	22,9	30,9	22%	30%

Kjelde: SAP/DFØ. Tabellen over viser prosentdel kvinner i pretestillingar frå 2009 – 2016 i Møre samanlikna med heile landet.

Tabell 3.5.5.3. Aldersfordeling i presteskapet 2013 - 2016

	Under 40 år		40 - 49 år		50 -59 år		Over 60 år		Totalt
	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.
Møre 2013	17	24 %	14	19 %	20	28%	21	29 %	72
Møre 2014	19	26 %	11	15 %	20	28 %	22	31 %	72
Møre 2015	17	24 %	10	14 %	21	30 %	22	31 %	70
Møre 2016	21	29 %	12	16 %	16	22 %	24	33%	73
Totalt 2013	225	18 %	298	23 %	411	32%	340	27 %	1274
Totalt 2014	222	17 %	298	23 %	394	31 %	362	28 %	1276
Totalt 2015	214	17 %	321	25 %	385	30 %	374	29 %	1294
Totalt 2016	202	16 %	317	25 %	350	27 %	404	32 %	1273

Kjelde: SAP. Tabellen over viser aldersfordelinga blant prester som er tilsette i fast stilling i bispedøma. Medarbeidarar som er lønna i andre stillingskodar, under dette kateketar o.l., inngår ikkje i grunnlaget. Talet omfattar tilsette i både heiltids- og deltidsstillingar.

Møre bispedøme er det bispedømet i landet som i prosent har flest prestar under 40 år, og det har vore ei ytterlegare auke i 2016 som følgje av rekruttering av fleire nyutdanna. Antall prestar mellom 40 og 49 år er stabilt lågt med 16 prosent. Aldersgruppa mellom 50-59 er på 22 %, ei vesentleg nedgang frå åra før. Den største gruppa er over 60 år med 33%, men ikkje åleine på topp slik som for nokre år sida. Fleire bispedømer har prosentvis flerie over 60 år enn Møre. Møre har ei god aldersspreiing i presteskapet.



Fleire unge prestar til Møre. Ordinasjon i Ålesund kyrkje 2016.
Foto: Møre bispedøme

Tabell 3.5.5.4. Stillingskategoriar

	Biskop	Prost	Kapellan	Spesial-prest	Senior-prest	Prosti-prest	Sokne-prest	Totalt
Møre	1	7	8	1	4		52	73
Prosentandel Møre	1,4%	9,6%	11%	1,4%	5,5%	0	71,2%	
Totalt	12	94	183	73	37	65	809	1273
Prosentdel totalt	0,9 %	7,4 %	14,4 %	5,7 %	2,9 %	5,1 %	63,6 %	

Kjelde SAP/DFØ. Tabellen viser fordelinga mellom ulike stillingskategoriar i faste prestestillingar pr. 31.desember 2015. Kategorien prost inkluderer også domprostar. Den nedste rada viser prosentdelen dei ulike stillingskategoriane utgjer for bispedøma totalt.

Tabellen over viser fordeling av prestestillingar i Møre og landet elles. Ca. 70% av kyrkjelydsprestane i Møre er sokneprestar. Dette har si årsak i mange sokn der presten har sete i sokneråd. Dette er også bakgrunnen for at Møre ikkje har prostiprestar i fast stilling. Det er 6 kapellanar. Desse er knytte til dei store kyrkjelydane, med fleire prestar. Ordninga med seniorprestar er knytt til at nokre får spesialisert teneste i siste del av yrkeslivet. Dette er ofte ein prostiprest-liknande teneste eller for ein periode å dekke opp i vakante stillingar. Dette er ei teneleg ordning.

3.5.6 Sjukefråvær

Tabell 3.5.6.1 Sjukefråvær alle tilsette, administrasjon og presteskap

	Eigenmeldt		Legemeldt		Totalt		Kjønnsfordeling	
	Sjukedagar	Fråvær	Sjukedagar	Fråvær	Sjukedagar	Fråvær	Kvinner	Menn
Møre 2014	68	0,4 %	838	4,3 %	906	4,7 %	8,8 %	3,3 %
Møre 2015	66	0,4 %	523	2,8 %	589	3,2 %	8,0 %	1,7 %
Møre 2016	29	0,1 %	782	3,9 %	812	4,1 %	10,0 %	2,1 %
Totalt 2014	841	0,2 %	15 380	4,3 %	16 221	4,7 %	7,7 %	3,3 %
Totalt 2015	1 044	0,3 %	15 080	4,4 %	16 125	4,7 %	6,5 %	3,7 %
Totalt 2016	782	0,2 %	17 060	5,0 %	17 842	5,2 %	8,0 %	3,7 %

Kjelde: DFØ/SAP. Tabellen over gir oversikt over talet sjukedagar som er registrert på fast tilsette i perioden 1. januar – 31. desember 2016. Sjukedagane er basert på talet virkedagar i perioden som sjukefråværet omfattar, dvs. at dei er korrigerte i forhold til helge- og helligdagar, stillingsprosent og grad av arbeidsførhet (ved graderte sjukemeldingar). Det er vidare lagt til grunn at eit normalårsverk tilsvarar 230 virkedagar. Berekningsgrunnlaget er på denne måten ikkje direkte samanliknbart med anna sjukefråværsstatistikk (som bl.a. SSB utarbeider for andre sektorar)

Sjukefråveret i 2016 for Møre har auka med 0,9%-poeng frå 2015, men er 1,1%-poeng lågare enn gjennomsnittet i landet som er på 5,2 % i 2016. Sjukefråveret for kvinner i 2016 er svært høgt og ligg på 10 %, medan det for menn er på 2,1 %. Det er viktig at arbeidsgjevar er kjent med bakgrunnen for sjukefråver og tar tak om det er arbeidsrelatert. Vi ønskjer å legge til rette og rekruttere for tilsette som har eller utviklar kroniske lidningar. I statistikk for sjukefråver kan dette slå negativt ut, men grunnhaldninga vår er her overstyrande. I arbeidsplass-undersøkingar seier mange at dei går på jobb sjølv om dei er sjuke og vi ser at det eigenmeldte fråveret er lågt. Dette er eit område vi arbeider med. Sjukefråveret blir følgt opp gjennom arbeidsmiljøutvalet og i høve til IA-rutinar.

3.5.7 Lønsutvikling

Tabell 3.5.7.1 Lønnsutvikling, fordelt etter stillingskategoriar

Gjennomsnittleg lønn ved bispedømmekontora

	Leiarar		Rådgjevarar		Konsulentar		Alle	
	Løn	Pst.	Løn	Pst.	Løn	Pst.	Løn	Pst.
Møre	648,4	9 %	563,7	11 %	452,6	4 %	564,1	7 %
Gjennomsnittsløn	701,4		546,6		468,0		567,9	

Kjelde: SAP. Tabellen over viser gjennomsnittleg brutto årslønn for faste tilsette ved bispedømmekontora ved utgangen av 2016. Stillingskategorien "leiarar" omfattar stillingskodane 1055 Personalsjef, 1056 Økonomisjef, 1062 Direktør, 1211 Seksjonssjef og 1407 Avdelingsleiar. Kategorien "rådgivarar" inkluderer stillingskodane 1364 Seniorrådgivar og 1434 Rådgivar, mens "Konsulenter" omfattar kodane 1065 Konsulent, 1072 Arkivleiar, 1363 Seniorrådgivar og 1408 Førstekonsulent. Kolonne nr. 2 frå høgre viser gjennomsnittslønna totalt blant tilsette ved bispedømmekontoret, mens kolonna heilt til høgre viser gjennomsnittleg lønnsvekst frå nov. 2015 til des. 2016. Den gjennomsnittlege lønnsveksten blir ikkje berre påverka av endringar som følgje av lønnsoppgjering i 2016, men også av endringar i bemanning/vakanse i stillingar etc.

I snitt ligg det totale lønsnivået på Møre bispedømekontor om lag som for dei fleste andre bispedøma. Går vi ned på dei ulike gruppene, ser vi at Møre ligg under stort sett alle dei andre bispedøma i høve til leiargruppa og konsulentgruppa. For rådgjevargruppa ligg Møre blant den øvre delen. Lønsendringar har i hovudsak vore knytta til fleire nytilsettingar i 2016 i tillegg til lønsoppgjret.

Tabell 3.5.7.2 Gjennomsnittleg lønn i faste pretestillingar

	Prost	Sokneprest	Kapellan	Prostiprest	Spesialprest	Seniorprest	Totalt	Lønnsvekst
Møre 2014	634	508	487		529	532	520	2,5%
Snitt alle 2014	660	521	484	513	528	540	527	3,4%
Møre 2015	687	583	528	550	571	594	589	13,1 %
Snitt alle 2015	713	589	533	567	570	595	588	11,6 %
Møre 2016	756,5	601,4	517,8	0	621,8	611,0	608,0	3 %
Snitt alle 2016	780,2	607,8	543,6	580,4	601,7	609,2	609,6	4 %

Kjelde: SAP/DFØ. Tabellen viser gjennomsnittleg brutto årslønn for faste pretestillingar ved utgangen av 2016. Under kategorien for prost inngår også domprostar, mens kategorien sokneprest omfattar fleire stillingskodar. Kolonne nr. 2 frå høgre viser gjennomsnittslønna for alle pretestillingar i bispedømet, mens kolonna heilt til høgre viser gjennomsnittleg lønnsvekst frå jan. 2015 til nov. 2016.

For pretestillingar ligg gjennomsnittleg løn i Møre på gjennomsnitt for alle bispedøme. Lønnsveksten i 2016 er på 3 % og er omtrent som for landsgjennomsnittet som er på 4 %.

Snittløn for sokneprestar i Møre ligg i underkant av snittløn for andre bispedøme. Tilsvarende gjeld for kapellanane. Dette har sannsynleg med at fleire sokneprestar på grunn av alder har låg ansiennitet. Prostane ligg i snitt under dei andre bispedøma. Lønnsveksten blir også påverka av endringar som følgje av lønsoppgjret, endringar i stillingar (nytilsettingar, slutta og vakansar).

TILTAK OG PRIORITERINGAR INNAN «EI GODT FUNGERANDE PRESTETENESTE»

- Prestetenesta framstår som viktig og attraktiv.
- Rekruttering til presteneste og god oppfølging av introduksjonsprogrammet.
- Kompetanseutvikling som er relevant for den enkelte prest, for arbeidsfellesskapa og kyrkjelydane og for den enkelte prest
- Tryggleik under endring og omstilling
- Prestetenesta framstår som godt forankra i den enkelte og i arbeidsfellesskapet.
- Arbeide for betre samhandling/teamarbeid mellom presteneste og dei andre tenestene
- Motivasjon og arbeidsglede. Systematisk arbeidsvegleiing, arbeidsmiljø og kallsbevissthet.
- Rolleforståing og involvering. Medbestemmelse og medvirkning formelt og reelt
- Gode leiarar - oppfølging og kompetanse.

3.6 Regionalt mål: Eit godt fungerande bispedømmekontor

Møre bispedømmekontor er felles sekretariat/administrasjon for Møre biskop og Møre bispedømmeråd. På bispedømmekontoret er det 13,3 årsverk – dette inkluderer biskopen. Nokre stikkord som pregar hva som blir gjort:

Særleg personal

- Ivaretaking av arbeidsgjevarmynde for biskop- og bispedømmeråd
- Rekruttering og tilsetting av prestar
- Personalrutinar og systemer for HMS - helse- miljø- sikkerheit
- Kompetanseutvikling og vegleiing for prestar
- Systemer og handtering knytta til kriser og katastrofer
- Handtering av medråderett i høve til tillitsvalde og verneteneste
- Konflikthandtering

Særleg kyrkjeliv

- Rådgjeving og sakshandsaming for biskop og bispedømmeråd innfor fagfelte gudsteneste og liturgi, diakoni, trusopplæring og undervisning, misjon, kyrkjemusikk og kultur.
- Rådgjeving og faglig oppfølging i møte med kyrkjelydar og fagpersonar innafor fagfelte gudsteneste og liturgi, diakoni, trusopplæring og undervisning, misjon, kyrkjemusikk og kultur.
- Rådgjeving og sakshandsaming knytta til kyrkjer, inventar og utstyr og kyrkja sine omgjevnadar
- Rådgjeving og sakshandsaming knytta til etablering, utviding og forvaltning av gravplassar

Økonomi

- Tilskottforvaltning – stillinger innanfor området trosopplæring, undervisning og diakoni
- Regneskapsføring, fakturering etc
- Lønn og godtgjerdse til tilsetting
- Rapportering til råd, tilsette og departement
- Budsjett- og økonomistyring

Generelt

- Visitasar – ca 6 pr år
- Kommunikasjon-, medier, heimeside og intranett
- Planlegging/årsplan og rapportering/årsrapportering
- Planlegging, saksførebuing og tilrettelegging for møter i bispedømmerådet
- Høringsinstans overfor statlege og kyrkjelege organ
- Samvirke med lokalkyrkjelege organ (sokneråd/fellesråd) og nasjonalkyrkjelege organ (Kyrkjerådet/Kyrkjemøtet)
- Saksbehandling og arkivsystem etter forvaltningslova og offentleglova

Om 2016 og førebuingane til 2017

2016 var i tillegg til den daglege oppgåveløysinga, prega av førebuingar til verksemdsoverdraginga. Det har vore stor grad av involvering på nasjonalt nivå og regionalt nivå for å sikre at overgangen skulle skje på ein god måte. Konsekvensen av at Den norske kyrkja på nasjonalt og regionalt nivå ikkje lenger kan nytte statlege system for løn, rekneskap og sakshandsaming har vore omfattande. Kva for offentleg verksemd kan seie at den skiftar alle sine administrative system frå ein dag til ein annan? – Den norske kyrkja. Ikkje heilt klart om du spør nokre tilfeldige.

Heilt nytt

- Fullelektronisk system for sakshandsaming, arkiv og møteadministrasjon
- Nytt lønssystem som og omfattar tidsregistrering og reise-/utgiftsrefusjon
- Nytt budsjettssystem

- Nytt rekneskapssystem som og omfattar handsaming av inn-/utgåande faktura og rekneskapsrapportering
- Nye heimesider, intranett og elektroniske arbeidsrom

Vi registrerer at det innan det har gått to månader etter verksemdsoverdraginga blir etterspurt effektiviseringsgevinst. Vi er positive til å tenke effektivisering, men ber om forståing for at dei tilsette trengjer tid til å sette seg inn i nye system og rutiner. Det kan ligge ei vesentlig risiko om desse administrative systema ikkje er på plass i verksemda og i den enkelte medarbeidar.

TILTAK OG PRIORITERINGAR INNAN «EIT GODT FUNGERANDE BISPEDØMEKONTOR»

- Arbeidet ved bispedømekontoret framstår som viktig og attraktiv. Rekruttering, omdømme, åpenhet, kommunikasjon, møte med råd og tilsette
- Dei tilsette har den kompetanse som skal til. Endring i arbeidsmetode og nye krav
- Dei tilsette har nødvendig integritet. Press på rolle og funksjon. Det blir gitt veiledning
- Tryggleik under omstilling. God informasjon
- Utvikle gode rutinar for arbeidsflyt
- Motivasjon og arbeidsglede. Utvikling av arbeidsmiljø
- Styring og leiing. Medråderett og involvering i mål og planar
- Økonomi og forvaltning av ressursar. Dokumentasjon av gjennomføring
- Rolle og oppgåveløysing
- Ta i bruk nye IKT-løysingar

3.7 Regionalt mål: Ungdomsår 2016



Målet for Ungdomsåret 2016 var

- Inspirere til meir ungdomsarbeid lokalt og i samarbeid
- Bidra med ressursar i for av program som støttar det lokale arbeidet
- Markere/ha fokus på ungdom i kyrkja generelt

Dette vart gjort synleg gjennom ein prosjektleiar og ei prosjektgruppe. Inspirasjonsteam brukte campingvogn som base og reiste til ulike kyrkjelydar. Det vart arrangert fagdagar og ein eigen festivalhelg (SKUBB) på Nordmøre. I tillegg har biskopen hatt særleg fokus på ungdom i si leing og i sine visitasar. Rapport frå Ungdomsåret 2016 er utarbeida.

Helfrelst på ungdomsåret



Jessuvgang: Biskop Ingeborg Middtømme åpner dora for ungdommen. Eiv Marie Tofte rett foran. Fra høyre: Othilie Tofte, Lerheim, David Kingstad Grønkvik, Victoria Hagen Tveitdal, Mathea Jensen og Erik Ravnås Aasmø. FOTO: ERIK HEEN

Biskop Middtømme: – Vi skal møte ungdommen oftere der de er

– Vi er beste bispedømme i landet med 94 prosent kirkelig konfirmasjon. Men så «mister» kirken mye av ungdommen. Vi har derfor full fokus på ungdomsåret 2016, nå også med egen campingvogn!

ERIK HEEN
erik.heen@moer.no

MOLDE Det er biskop Ingeborg Middtømme som står dette til Romsdals budstikke. Med omstende ungdomstemaet i fagdagene, campingvogn, ungdomsfestival og «svikthopp», skal Møre bispedømme inspirere menighetene til større og mer målrettet samling på ungdom etter konfirmasjonen. For det er som Møre-bispepopen sier, nå ungdomstemaet flytter og begynner på videregående skole. Så blir det mindre kontakt med menighetene og de kristne miljøene.

Viktig setting. – Vi kjører på med ungdomsårstemaet fordi det er en viktig og spennende setting etter det vi kaller ungdom. Den kirkelige oppslutningen fra ungdomstemaet faller kraftig etter at de er ferdige med konfirmasjonsårstemaet, det er et faktum som vi ønsker å gjøre noe med. Det er flott at vi er best i landet med så prosentvis oppslutning om den kristne konfirmasjonen, men vi er oppgitt at ungdommen også etterpå. De

må finne seg til rette i de kristne ungdomsmiljøene der de befinner seg mens de går på videregående. Vi vil bidra til å gjøre disse miljøene større og mer synlige, sier Ingeborg Middtømme.

Samling i Molde. I helga var det inspirasjonssamling i Molde. Der ble også campingvognen presentert. Bispedømmerådet er med andre ord ikke langt bak ei vogn. Og de har ansett egen prosjektleier for ungdomsåret, som er Eiv Marie Tofte fra Molde. Det er hun som skal dra rundt på Jessuvgangen med sin tilslutningsvogn. Skoda. Jesus er vognen, som det heter.

– Denne vognen skal fylles opp. Jeg har allerede begynt å kjøre med campingvogn, det er veldig artig, sier Middtømme. Men det går helt sikkert bra med litt trening, ler Eiv Marie.

Mye på gang. – Vi vil møte ungdomstemaet der de er. Vi ønsker å stimulere menighetene til å stå ved ungdomsåret, gjennom å finne spennende tema som interesserer de unge. Når menighetene får besøk av inspirasjonsteamet, som er oss med vognen, har vi et trykkløst i tre deler: Ettermiddagsmøte, hvor man kan spille en kort, skikkelig spill om det man lever på. Vi har kveldssamlingene og kveldssamlingene, som er kristen nachspiel. Denne helga har vi «Jesu» og «Jesu»-traktat, der vi går på opplysningsstien med Gud i vår egen by. Kirkene Eiv Marie Tofte.

Hva tror overhodet ikke at det er noe med et slikt prosjekt for

å få langt flere ungdommer til å bli aktive kristne i sine menigheter og i ungdomsmiljøene. Men ungdomsåret er en viktig begrepsløs. Det betyr også biskopen, som er svært engasjert for saken.

– Det er et veldig godt utvalg som nå er i gang, med en målende ungdomsmenighet som skal innom alle fylker. Kirken er ikke flink til å få med seg ungdommer i videregående skole, vi må være mer til stede. Med eller uten campingvogn, ler Ingeborg Middtømme.

Vann og væver. – Jeg tenker at vi i denne vognen kan servere vann, væver og lyttetrinn, for det er en del ungdommer som strever med å finne sin plass. De kan få vann hvis de har fått i seg for mye som ikke var vann. Kirken kan være til stede også når de kommer fra fest, gjennom dette prosjektet.

De ønsker å samarbeide med kristne ungdomsorganisasjoner om å få ungdomsåret til å bli en større del av kirken. Biskopen og prosjektleieren ser ikke minst på SKUBB-festivalen som skal arrangeres på Hagen, folkehøgskole i Høylandet ei helg i slutten av november. Der blir det fullt av med nye aktiviteter, musikk, kunst og underholdning.

– Ungdomsåret skal føre og fremme budet til å skape lokalt engasjement som skal videreføres. Vi må styrke samarbeidet mellom kirken og ungdomsorganisasjonene, som skal for mye av det kristne ungdomsarbeidet.

Utdrag fra
Romsdals
Budstikke

Psykolog kritiserer meklingstvang ved separasjon

«Det er en obligatorisk mekling ved separasjon» er uttrykket for svært mange foreldre og koster for samfunnet. For dem som virkelig trenger mekling, er uttrykket uttrykkelig.

Det er konklusjonen fra psykolog Wenche Gulbrandsen. Neste mandag vil hun forelese sin doktorgradshandling ved Psykiatrisk institutt ved Universitetet i Oslo, der hun har sett på om obligatorisk mekling bidrar til enighet hos foreldre.

– Dagens ordning, der alle foreldre med barn under 16 år må til minst én times mekling, fungerer ikke etter hensikten. Den hjelper ikke de som trenger det mest. Foreldre med høy konfliktnivå. Her av ressursene kan brukes på andre grupper, der hun vil WTE.

Gulbrandsen mener dagens obligatoriske mekling ikke er nok for denne gruppen.

– Selv om de tilslutts å komme tilbake for videre mekling, er det mange som ikke gjør det.



Leiarteam på SKUBB-festival

DEL 4 STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

4.1 Styring og kontroll

4.1.1 Verksemda si risikostyring

Møre bispedømmeråd var fram til 31.12.2016 underlagt regelverket for økonomistyring i staten. På bakgrunn av dette regelverket har bispedømmerådet vedteke økonomiinstruks for Møre bispedømmeråd.

På bakgrunn av økonomiinstruksen har stiftsdirektøren i 2016 fastsatt rutiner for økonomistyringa. Dei områda som er særleg omfatta av rutiner er:

- Fullmakter
- Anskaffing av varer og tenester
- Mottak og handsaming av faktura i elektronisk fakturabehandlingssystem
- Utbetaling/remittering
- Lønsrutiner
- Rapportering
- Tilskotsforvaltning

I 2016 er det og utarbeid Internkontroll, risiko- og vesentlighetsvurderingar for økonomiforvaltninga i Møre bispedømme. Bagrunnen er at det skal vere gode interne kontrollar som kan forhindre, herunder oppdage og eventuelt korrigere styringssvikt, feil, manglar og mislegheiter.

Dei områda som er særleg omfatta er

- Rekneskap
- Løn og godtgjersler
- Tilskotsforvaltning
- Misleghald
- Økonomistyring

Det ligger til grunn delegering av budsjettdisponeringsmynde for 2016. Det er og utarbeida rundskriv til alle prostar om personal- og økonomiforvaltninga i prostia. Bispedømmerådet og biskopen har vedteke delegasjonsreglement. Det ligg også føre delegasjonsreglement og underskriftsfullmakter for administrasjonen.

Det blir utarbeidd økonomirapport for kvar månad. Bispedømmerådet får jamleg økonomirapportar til handsaming.

Møre bispedømmeråd og Møre biskop er underlagt Offentleglova og Forvaltningslova. På bakgrunn av Arkivlova er det utarbeidd arkivplan med rutinar for handtering av dokument.

Vurdering av risiko og vesentlegheit er ein integrert del av planprosessane. I årsplanen blir det gjort vurdering i høve til hovudmål, og det blir gjort vurderingar for faktorarar som verkar inn på og som kan hindre i å nå måla. Der det er risiko for at hovudmålet ikkje blir nådd, vert det sett inn tiltak.

Gjennom styring og kontroll vil vi sikre at:

- mål og resultatkrav vert nådde
- ressursbruken er effektiv
- lov- og regelverk blir overhalde
- rekneskaps- og resultatinformasjon er relevant og påliteleg
- feil, manglar og svikt i styring blir avdekte

Vi vurderer det slik at opplegg for styring og kontroll er eigna til å kome desse krava i møte. I møte med nye system frå 2017, vil vi ha endra behov for gjennomgang av risiko i høve til ulike rutiner.

4.1.2 Evt. endringar i opplegget for styring og kontroll

I 2016 er det ikkje gjort vesentlege endringar for styring og kontroll i Møre bispedøme, men dokumentasjonen er betra og nokre rutinar forsterka. Det er gjort mindre endringar i prosessar for vurdering av risiko og vesentlegheit slik det går fram av pkt 4.1.1

4.1.3 Oppfølging av ev. revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen

Møre bispedømeråd har ikkje mottatt merknader frå Riksrevisjonen.

4.2 Fellesføringar i staten

4.1.2 Likestilling

Likestillings- og diskrimineringslovverket pålegg statlege verksemder aktivitetsplikt og utgreiingsplikt knytt til likestilling og diskriminering. Aktivitetsplikta inneber at statlege verksemder, både som offentleg mynde og som arbeidsgjevar, skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Utgreiingsplikta inneber at årsrapporten skal gjere greie for kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Desse pliktene gjeld innanfor områda:

- kjønn
- funksjonsnedsetting
- etnisitet
- religion m.m.
- seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk

Rettsleg grunnlag: Lov 21. juni 2013 nr. 59 om likestilling mellom kjønnene (likestillingsloven) § 23, Lov 21. juni 2013 nr. 61 om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven) § 24, Lov 21. juni 2013 nr. 60 om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion og livssyn (diskrimineringsloven om etnisitet) § 20, samt Lov 21. juni 2013 nr. 58 om forbud på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk (diskrimineringsloven om seksuell orientering) §§ 19 og 20.

Kjønn – faktisk tilstand

Tabell 4.1.2.1: Prosentdel kvinnelege prestar i perioden 2011 til 2016

2011		2012		2013		2014		2015		2016	
Kvinner Møre	Landet totalt	Kvinner Møre	Landet totalt	Kvinner Møre	Landet totalt	Kvinner Møre	Landet totalt	Kvinner Møre	Landet totalt	Kvinner Møre	Landet totalt
16 %	27 %	19 %	27 %	21 %	29 %	22 %	30 %	23 %	31 %	22 %	32 %

Kjelde: DFØ/SAP. Tabellen viser antal kvinnelege prestar og totalt antall prestar i 2016

Tabell 4.1.2.2: Del kvinner i faste pretestillingar

	Faste pretestillingar 2016			Faste pretestillingar 2015			2014	2014-2015	2010	2010-2016
	Kvinner	Totalt	Kvinnedel	Kvinner	Totalt	Kvinnedel	Kvinnedel	Endring	Kvinnedel	Endring
Møre	16	73	22 %	16	70	22,9 %	22,2 %	0,7%	14,3 %	7,7 %
Totalt	406	1273	32%	400	1294	30,9 %	29,4 %	1,5 %	26,2 %	5,8 %

Tabellane over viser talet kvinnelege prestar av totalt tal prestar i 2016, og kvinnedel av presteskapet for åra 2010 - 2016. I berekningsgrunnlaget inngår faste pretestillingar i bispedøma i kvart av desse åra, dvs. stillingar som er koda som biskop, prost (domprost, sokneprest, kapellan, prostiprest, seniorprest og spesialprest). Kolonnene til høgre viser endring i kvinnedelen, oppgitt i prosentpoeng frå 2014 til 2015 og frå 2010 til 2015 (dvs. dei siste seks åra).

Tala er rekna ut frå alle pretestillingar pr. 30.11.16. Prosentdel kvinner i Møre har gått opp frå 14,3% i 2010 til 22,2% i 2016. Dette er ein auke på 7,7%-poeng mot tilsvarande auke på 5,8 %-poeng for landet totalt. På teljetidspunktet er det tilsett 16 kvinner av dei totalt 73 faste pretestillingane.

Møre er mellom dei bispedøma som tradisjonelt har hatt få kvinnelege prestar. Møre har hatt større prosentvis endring enn landet totalt, og har no 10%-poeng lågare kvinndel enn snittet for alle bispedøma. For 5 år sidan var forskjellen 11,9%-poeng. I 2016 er kvinner tilsett i 1 av 6 tilsettingssaker. Av totalt 55 søknadar var 3 frå kvinner.

Tabell 4.1.2.3: Del kvinner i leiarstillingar

	Kvinner	Totalt	Kvinndel 2016	Kvinndel 2015
Møre	3	8	37,5 %	37,5 %
Totalt	31	106	29,2 %	27,9 %

Tabellen over viser talet og delen kvinner mellom biskopar og prostar pr. 31.12.2016.

Av dei 7 faste prostane er det to kvinner. I gruppa "biskop og faste prostar" (1+7=8), er kvinndelen 37,5 prosent. Landssnittet er 29,2 prosent.

Bispedømekontoret: Likestilling mellom kjønna

Tabell 4.1.2.4: Kjønnssfordeling stillingsgrupper i administrasjonen

	År	Ledere	Rådgivere	Konsulent	Totalt	
					Tot. antall	Kvinneandel
Møre	2013	50 %	17 %	75 %	14	43 %
	2014	50 %	14 %	75 %	14	36 %
	2015	50 %	0 %	50 %	12	25 %
	2016	50 %	29 %	67 %	14	43 %
Totalt	2013	41 %	51 %	91 %	168	58 %
	2014*	35 %*	52 %*	89 %*	241*	53 %*
	2015	35 %	53 %	89 %	183	56 %
	2016	36 %	54 %	88 %	180	56 %

Kilde SAP/DFØ: Tabellen gir oversikt over talet faste tilsette og delen kvinner, fordelt på ulike stillingskategoriar ved Møre bispedømekontor og totalt for bispedømmekontora i 2013 og 2016.. Kolonnene til høgre viser totaltalet ved kvart bispedømekontor for desse stillingskategoriane, mens dei fire nedste radene viser kjønnssfordelinga totalt for alle bispedømmekontora. Den store forskjellen i total-tal skuldast at Kyrkerådet ikkje var med i statistikken i 2013.

Kva stillingskodar som inngår i kvar stillingskategori går fram her: Stillingskategorien "ledere" innbefatter stillingskodene 1055 Personalsjef, 1056 Økonomisjef, 1062 Direktør, 1211 Seksjonssjef og 1407 Avdelingsleder. Kategorien "rådgivere" inkluderer stillingskodene 1364 Seniorrådgiver og 1434 Rådgiver, mens "Konsulenter" innbefatter kodene 1065 Konsulent, 1072 Arkivleder, 1363 Seniorrådgiver og 1408 Førstekonsulent.

Ved bispedømekontoret er kvinndelen på 43 % i 2016, nokon som er ein god kjønnsbalanse.

Tabell 4.1.2.5: Kvinner si gjennomsnittslønn i prosent av menn i administrasjonen

	År	Leiarar	Rådgivarar	Konsulentar	Totalt
Møre	2013	82 %	91 %	100 %	100 %
	2014	75 %	93 %	99 %	88%
	2015	80 %		95 %	92 %
	2016	80 %	105 %	94 %	91 %
Totalt	2013	93 %	96 %	99 %	87 %
	2014	88 %	96 %	100 %	88 %
	2015	97 %	97 %	95 %	91 %
	2016	97 %	96 %	101 %	90 %

Tabellen viser forholdet mellom brutto gjennomsnittslønn for kvinner i forhold til menn mellom faste tilsette ved bispedømmekontora i 2013, 2014, 2015 og 2016. Lågare prosentsats enn 100 prosent viser at gjennomsnittslønna mellom kvinner er lågare enn mellom menn, mens over 100 prosent angir høgare gjennomsnittslønn mellom kvinner.

Gjennomsnittleg løn for kvinner tilsett ved Møre bispedømmekontor var 4 prosentpoeng høgare i 2015 enn i 2014. Frå 2015 til 2016 er gjennomsnittleg løn gått ned med 1 prosentpoeng. Dette kan ikkje forklarast ut frå kjønn, men ansiennitet/kompetanse.

Tabell 4.1.2.6: Gjennomsnittsløn for kvinner i prosent av menns, pretestillingar

	År	Prost	Sokneprest	Kapellan	Andre	Totalt
Møre	2013	118 %	96 %	104 %	98 %	105 %
	2014	100 %	98 %	98 %	98 %	99 %
	2015	101 %	96 %	101 %	98 %	98 %
	2016	102 %	97 %	102 %	102 %	100 %
Totalt	2013	102 %	98 %	96 %	99 %	98 %
	2014	100 %	98 %	100 %	96 %	97 %
	2015	98 %	98 %	100 %	96 %	97 %
	2016	99 %	98 %	99 %	98 %	97 %

Kjelde SAP/DFØ: Tabellen viser gjennomsnittleg løn for kvinner i prosent av gjennomsnittleg løn for menn i perioden 2013 til 2016, fordelt på ulike kategoriar stillingar blant prestar.

Gjennomsnittleg løn for kvinner i pretestillingar er totalt 2 prosent lågare enn for menn i 2016. Dette er to prosentpoeng lågare enn for 2015. Lønssystemet er endra, slik at det no blir lagt meir vekt på ansiennitet. Vi kan ikkje sjå at det er kjønnsbaserte forskjellar i løn.

Sjukefråver

4.1.2.7 Sjukefråver alle tilsette, administrasjon og presteskap.

	Eigenmeldt		Legemeldt		Totalt		Kjønnsfordeling	
	Sjukedagar	Fråvær	Sjukedagar	Fråvær	Sjukedagar	Fråvær	Kvinner	Menn
Møre 2014	68	0,4 %	838	4,3 %	906	4,7 %	8,8 %	3,3 %
Møre 2015	66	0,4 %	523	2,8 %	589	3,2 %	8,0 %	1,7 %
Møre 2016	29	0,1 %	782	3,9 %	812	4,1 %	10,0 %	2,1 %
Totalt 2016	782	0,2 %	17060	5,0 %	17842	5,2 %	8,0 %	3,7 %

Kilde DFØ/SAP. Tabellen ovenfor gir en oversikt over antallet sykedager som er registrert på fast ansatte i perioden fra 1. januar – 31. desember 2016. Sykedagene er basert på antallet virkedager i perioden som sykefraværet omfatter, dvs. at de er korrigert i forhold til helg- og helligdager, stillingsprosent og grad av arbeidsførhet (ved graderte sykemeldinger). Det er videre lagt til grunn at et normalårsverk tilsvarer 230 virkedager. Det kan forekomme mangler i datamaterialet.

Det totale sjukefråveret i Møre var på 4,1 % i 2016. Med unntak av Agder- og Telemark og Stavanger, er dette det lågaste i landet. Totalt for landet viser tabellen over at sjukefråveret er på 5,2 %. Dette er 1,1 %-poeng høgare enn for Møre.

Det er høgare sjukefråvæ for kvinner (10 prosent) i høve til menn (2,1prosent). Vi kan ikkje sjå om det er kjønsmessig grunnlag for forskjellane. Sjukefråværet blir følgt opp gjennom arbeidsmiljøutvalet og normale prosedyrer knytte til Inkluderande Arbeidsliv-avtalen (IA). Gjennom landsdekkande arbeidsmiljøundersøkingar og regional arbeidsplassundersøking er det fokus på arbeidsmiljø og faktorar knyttatil utbrenning.

4.1.2.8 Kjønnsfordeling: deltid, sykefravær, foreldrepermisjoner. Alle ansatte i bispedømmene.

	Legemeldt fravær		Deltid		Foreldrepermisjon	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Møre 2015	6,9 %	1,6 %	5,3 %	3,2 %	4,4 %	0,9 %
Totalt 2015	6,0 %	3,5 %	11,8 %	5,6 %	3,0 %	0,8 %
Møre 2016	9,7 %	2,0 %	9,1 %	1,5 %	3,2 %	1,0 %
Totalt 2016	7,6 %	3,5 %	11,7 %	4,9 %	2,7 %	0,6 %

Kilde DFØ/SAP: Tabellen er basert på uttrekk fra lønns- og personalsystemet for 2016, og gjelder alle ansatte i bispedømmene, både ansatte på bispedømmekontorene og prestene. Bispedømmene bes ta høyde for at det kan være feil i datagrunnlaget som påvirker tallene.

Legemeldt sykefravær: Sykefraværprosenten blant kvinner og menn i faste stillinger. Prosentsatsen er beregnet med utgangspunkt i antall virkedager som er innrapportert som legemeldt sykefravær, dividert med antall normalarbeidsdager (230 virkedager) de faste stillingene utgjør i løpet av et år.

Deltid: Andel av kvinner og menn i faste stillinger som var ansatt i deltidstillinger (Stillingsprosent lavere enn 100 %).

Foreldrepermisjon: Fraværprosenten som følge av foreldrepermisjoner blant kvinner og menn i faste stillinger. Prosentsatsen er beregnet med utgangspunkt i antall virkedager som er innrapportert som foreldrepermisjon, dividert med antall normalarbeidsdager (230 virkedager) de faste stillingene utgjør i løpet av et år.

Vurdering av barrierer mot likestilling:

Møre bispedømme vurderer, men har ikkje ei fullstendig kartlegging av barrierer mot likestilling. Nokre av vurderingane går fram nedanfor:

- kjønn
 - o stereotyper
 - o historisk/kulturelt
 - o teologisk utgangspunkt
- funksjonsnedsetting
 - o innstilling for tilrettelegging
 - o aksept
- etnisitet
 - o språk
 - o kulturforståing
- religion m.m.
 - o krav til utdanning
 - o religiøs bakgrunn
- seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk
 - o identitet
 - o uttrykksform

TILTAK OG PRIORITERINGAR LIKESTILLING

Kjønn

Møre bispedømeråd vil arbeide aktivt for å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing mellom tilsette. I vurderinga av søkjarane til ledige stillingar, vert det sett som ein fordel at det er kvinner mellom søkjarane.

Bispedømerådet søker å tilsette den som er mest eigna til stillinga, men tek også dei vanlege kriteria for tilsetjing med i vurderinga, slik som ansiennitet og at kvinner er oppmoda om å søkje m.m. Ein viktig føresetnad er at kvinner søker stillingar. Så langt ser det ut til at dei kvinnene som har etablert seg med stillingar i Møre bispedøme, held seg stabile.

I etterutdanningspolitikken for prestar er det lagt inn målsettingar som særleg rettar seg mot kvinner. Møre bispedømeråd har også gjort vedtak om ein livsfasepolitisk plan som skal gjere det mogleg å leggje til rette for at kvinnelege prestar kan bli rekrutterte og bli ståande i presteteneste. Møre er det bispedøme i landet med prosentvis flest prestar under 40 år. Det kan tyde på at tiltaka bidrar til auka rekruttering blant unge.

Møre bispedøme har eit eige kvinneprestnettverk, som vart etablert i 2011. Dei kvinnelege prestane som tek del i dette nettverket gir tilbakemelding om at dei har stort utbytte av desse samlingane.

Sjølv om alle prostia no er representerte med kvinnelege prestar, er det framleis relativt få kvinner i presteteneste i Møre. Tilgang eller avgang får difor stor innverknad på statistikken vidare. Vi vil halde fast på haldningar og tiltak som er nemnde ovanfor.

Andre tiltak knytte til kjønn

a) For prestar:

- God informasjon i forkant av rekruttering og i møte med studentar, om at kvinner er ønske i presteteneste i Møre
- Moderat kjønnskvoltering ved tilsetting
- Kompetanseutvikling
- Utvikling av kvinnenettverk

b) For tilsette ved bispedømekontoret:

- Rekruttering av kvinner i rådgivarstillingar
- Framleis bruke dei lønspolitiske retningslinene for bispedømekontoret, slik at kjønnsbaserte lønnsforskjellar ikkje er til stades
- Vurdere praksis ved fleksibel arbeidstid og heimekontor

Vurdering av tiltak knytte til nedsett funksjonsevne

Som arbeidsgjevar ønskjer Møre bispedøme å legge til rette for personar som får nedsett funksjonsevne i sitt arbeid i Møre bispedøme. Vi ønskjer også å rekruttere personar med nedsett funksjonsevne. I nokre situasjonar må vi akseptere at slik tilrettelegging kan føre til auka sjukefråvær. Fysisk funksjonshemming er ikkje til hinder for å utøve ei god teneste som prest eller ved bispedømekontoret. Dette er det fleire døme på i Møre. Vi har gitt uttrykk for dette i nokre utlysingstekstar, og vil aktivt vurdere kvar stilling for seg.

For Møre bispedøme som forvaltningseining er det eit mål å bidra til at personar med nedsett funksjonsevne får tilgang til kyrkjene våre og kan delta i gudstenester og kyrkjelege handlingar på lik line med funksjonsfriske. Dette er difor tema ved visitasar og der det er naturleg i samband med søknadar om endringar i kyrkjene sitt interiør eller eksteriør.

Vurdering av tiltak knytte til etnisitet

Det skal vere høve til at personar med annan etnisitet kan arbeide som prest eller som tilsett ved Møre bispedømekontor. Publikum er vane med bruk av ulike målføre, og vi må legge til rette for at alle våre tilsette utviklar eit akseptabelt nivå for språkføring. Annan etnisitet vil gjere fellesskapet rikare, og som del av ei verdsvid kyrkje har vi ei opa haldning til personar med annan etnisitet.

Som forvaltingsorgan vil vi legge til grunn at menneske med annan etnisk bakgrunn skal integrerast i det norske samfunnet, som kyrkja er ei del av.

Vurdering av tiltak knytte til religion

Den norske kyrkja har eit særleg ansvar for eigne medlemmer, men ønskjer også å vere i dialog med menneske med annan religion. I Kyrjelova ligg det hinder mot at medlemmer av andre kyrkesamfunn kan ha stillingar i Den norske kyrkja. Biskopen kan etter søknad gjere unntak, men det skjer ikkje ofte.

Vurdering av tiltak knytte til samlivsform

Møre bispedøme gjer i sine utlysingstekstar merksam på unntak i arbeidsmiljølova og at samlivsform i samband med tilsetting kan bli spurt om og vektlagt for nokre typar stillingar. Til dømes kan sambuarskap vere eit hinder for å gå inn i fast prestestilling.

Vurdering av tiltak knytta til seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk

Alle er velkomne til å søke stilling i Møre bispedøme. Korrigeringar av eventuelle misoppfatningar.

4.1.3 HMS og arbeidsmiljø

I Møre bispedøme sitt visjonsdokument står det:

«Trygge medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap»

Med denne overordna visjonen som grunnlag har Møre bispedøme ei hovudmålsetting for arbeidsmiljøet som går fram av HMS-planen: **Kyrkja i Møre skal vere ein arbeidsplass prega av respekt, engasjement og vern om liv og helse**

Dette skal skje ved at:

- Leiing og arbeidstakarar arbeider aktivt for eit arbeidsmiljø som utviklar kreativitet, samarbeid, motivasjon og arbeidsglede.
- Leiinga likestiller arbeid med helse, miljø og tryggleik med andre leiaroppgåver. Det skal leggjast særleg vekt på tiltak som fremmar hovudmålsettinga.
- Dei tilsette sjøl er medvitne om det ansvaret dei har for å skapa eit godt og sikkert arbeidsmiljø og tek vare på eiga helse.
- Leiinga i samarbeid med arbeidstakarane set konkrete mål om lågt sjukefråvær, jobbar aktivt for å redusere risikofaktorar i prestetenesta, føl aktivt opp sjukmelde og legg til rette for tilpassa arbeid (jfr IA-avtalen)
- Det vert arbeidd systematisk med utvikling og samhandling på stabsnivå.
- Konflikter vert handsama på lågast mogeleg nivå.
- Det skal takast vare på natur og ytre miljø
- Målsettinga i HMS-arbeidet vert innarbeidd og konkretisert i Møre bispedøme sin årsplan.

Arbeidet med HMS/arbeidsmiljø er lagt til Arbeidsmiljøutvalet (RAMU), der toppleiinga frå arbeidsgjevar (biskop, stiftsdirektør og personalsjef), tillitsvalde og verneteneste er samla minst 4 gonger årleg. Årlege arbeidsplassundersøkingar blir gjort for alle tilsette. Det er også årlege møte mellom vernetenesta, prostar og RAMU der arbeidsmiljøtema blir tatt opp saman med presentasjon og gjennomgang av arbeidsplassundersøkingane.

Det har vore særleg fokus på arbeidsmiljømessige konsekvensar av verksemdsoverdraginga.

HMS/Personalhandboka ligg på Møre bispedøme sin heimeside og vil og bli lagt på intranettet – Kyrkjebakken . Det har vore særleg søkjelys på mobbing og grenseoverskridande åtferd.

Vernetenesta er organisert med Regionalt houdverneombod og lokale verneombod for eit eller fleire av dei 7 prostia – tilsaman 4 lokale verneombod. I tillegg er det eit verneombod for bispedømekontoret. Alle medlemmar av RAMU og alle prostar har 40 timars kurs i arbeidsmiljø.

4.1.4 Program for styring og leiing i staten (2014 – 2017)

Forvaltninga i Den norske kyrkja står overfor utviklings- og endringsbehov, dels som følgje av endringar i samfunnet, men og som følgje av utviklinga i kyrkja sjølv. Grunnlaget er å legge til rette for gode tenester. Føresetnaden er kompetente leiarar og medarbeidarar. Vi har i liten grad hatt eit bevist relasjon til dette programmet, men fleire punkter blir praktisert. Ein meir overordna plan for Den norske kyrkja kan med fordel bli utvikla. Her er noen moment vi arbeider med med utgangspunkt i planen:

1. Betre leiing

- a) Nettverk og møteplassar for leiarar på ulike nivå.
Prostar og leiargruppa ved bispedømekontoret har vore på regionale og nasjonale samlingar. I tillegg er det i Møre lagt til rette for særleg kompetanseutvikling for prostar. Alle prostar møter biskopen i prostemøter om lag 8-9 gonger kvart år.

2. Betre styring og resultatorientering

- a) Fokus på involverande prosessar knytta til årsplan og årsrapportering. Auka fokus på styring og resultat i medarbeidarsamtalar-

3. Betre samordning og samhandling

- a) Faglege samlingar for dei med like arbeidsområder. Kan bli utvikla til å gjelde systematisk utvikling. Samordning og samhandling er føresetnad for framtidige effektivisering av forvaltninga i Den norske kyrkja.

4. Strategisk anvending av IKT

Møre bispedøme er underlagt utviklinga i IKT-satsinga i Den norske kyrkja. Med nye system har vi inntrykk av at vi ligger heilt i front av den teknologiske utviklinga. Fagdagar for leiarar om strategisk IKT er ein føresetnad for vidare utvikling, effektivisering og samhandling.

5. Auka gjennomføringskraft ved betre beslutningsgrunnlag

Korleis utvikle betre beslutningsgrunnlag? Eit viktig spørsmål i møte med krav om mindre byråkrati.

4.1.5 Samfunnssikkerhet og beredskap

Møre bispedømeråd og Møre biskop har eigne planar for handtering av kriser og katastrofer. Den er kjent for alle aktørar og er publisert på våre heimesider. Møre biskop er del av Fylkesmannes beredskapsorganisasjon. Det er etablert rutinar for samvirke med andre instansar mellom anna politi og dei lokale sokna gjennom kyrkjevevane. Mange prestar eller diakonar er og del av kommunale omsorgsberedskapsteam.


4.1.6 Fellesføringer frå KMD – Brukarundersøkingar

